



LINDÅS KOMMUNE

# KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2019-2031

Planskildring

Vedtatt av kommunestyret  
15. oktober 2019, sak 068/19



Ein betre kommune

LINDÅS  
2019

# Arealdelen til kommuneplanen - Planskildring

---

## Planskildring

Arealdelen til kommuneplanen 2019-2031

1. gongs handsaming i plan- og miljøutvalet 19. juni 2019, sak 064/19.

Vedtak i kommunestyret 15. oktober 2019, sak 068/19.

Sist revidert 22. november 2019-revidert i tråd med vedtak i kommunestyret 15. oktober 2019, sak 068/19.

## FORORD

Ein kommuneplan består av ein samfunnsdel og ein arealdel. 21. september 2017 vedtok kommunestyret samfunnsdelen til kommuneplanen. Med vedtak 15. oktober 2019 er arealdelen til kommuneplanen også oppdatert.

Eit viktig mål for planarbeidet i kommunestyreperiode (2015 – 2019) har vore å sikre oppdaterte planar før Lindås kommune trer inn i den nye storkommunen, Alver. Med vedtak av både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen, ligg det eit godt overordna plangrunnlag for den nye kommunen.

Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 er ein temavis rullering av kommuneplanen sin arealdel frå 2011, og er eit heilskapleg og overordna styringsdokument. Arbeidet er forankra i Lindås kommune sin planstrategi for perioden 2016-2019. I planprosessen har det vore viktig å sikre god kopling mellom strategiane i samfunnsdelen og konsekvensane i arealdelen.

Planen er utarbeida i eit tett samarbeid med kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen 2019-2031. Plan- og miljøutvalet har vore politisk styringsgruppe, og har lagt tydelege rammer for planprosessen.

### **Ståle Juvik Hauge**

Leiar av plan- og miljøutvalet i Lindås kommune (2015-2019)

## Innholdsfortegnelse

1.	Innleiing .....	1
1.1.	Bakgrunn og føremål .....	1
1.2.	Planavgrensing .....	1
1.3.	Planprosess.....	2
1.3.1.	Organisering .....	2
1.3.2.	Medverknad .....	3
1.3.3.	Motsegn til 1.gongs høyring av planforslaget .....	4
2.	Tema i arealdelen til kommuneplanen .....	6
2.1.	Bakgrunn .....	6
2.2.	Sentrumsutvikling.....	7
2.2.1.	Bustadar i sentrum .....	10
2.2.2.	Handel i sentrum .....	11
2.3.	Næringsutvikling.....	12
2.3.1.	Næringsareal i gjeldande planer .....	12
2.3.2.	Nok næringsareal på rett stad? .....	13
2.3.3.	Næringsareal til havbruk .....	13
2.4.	Bustadutvikling.....	14
2.4.1.	Bustadareal i gjeldande planer .....	15
2.4.2.	Nok bustadareal på rett stad? .....	17
2.5.	Landbruk-, natur-, og friluftsområde.....	18
2.5.1.	LNf-spreidd bustad.....	18
2.5.2.	LNf-spreidd næring .....	18
2.5.3.	Bebygde eigedomar i LNf.....	19
2.6.	Grønstruktur.....	19
2.7.	Byggeområde for naust og småbåthavner .....	19
3.	Om kommuneplanen sin arealdel 2019-2031.....	21
3.1.	Arealendringar i kommuneplanen sin arealdel 2019-2031.....	21
3.2.	Andre arealendringar .....	23
3.2.1.	Bustad.....	23
3.2.2.	Landbruks-, natur- og friluftsområde .....	24
3.2.3.	Friområde .....	27
3.3.	Omsynssone med retningsliner.....	28
3.3.1.	Sikringssone drikkevatn (H110).....	28

3.3.2.	Støysoner (H200).....	28
3.3.3.	Faresone ras- og skredfare (H310) .....	28
3.3.4.	Faresone brann- og eksplosjonsfare (H350).....	28
3.3.5.	Omsynssone landbruk (H510) .....	29
3.3.6.	Omsynssone friluftsliv (H530) .....	31
3.3.7.	Omsynssone naturmiljø (H560).....	32
3.3.8.	Omsynssone kulturmiljø og kulturminner (H570).....	34
3.3.9.	Bandleggingssone kommunedelplan for E 39 Flatøy-Eikefettunnelen (H710) .....	36
3.3.10.	Bandleggingssone naturvern (H720) .....	37
3.3.11.	Bandleggingssone kulturminne (H730) .....	38
3.3.12.	Bandleggingssone andre omsyn (H740) .....	38
3.3.13.	Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan H910.....	38
3.3.14.	Føresegnsområde.....	40
3.4.	Byggegrense mot sjø og vassdrag og funksjonell strandsone.....	42
3.5.	Endringar i føresegn og retningslinjer .....	43
3.6.	Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse.....	43
3.6.1.	Konsekvensutgreiing .....	43
3.6.2.	Risiko- og sårbarheitsanalyse .....	45
3.7.	Tilhøvet til andre planar, rammer og retningslinjer .....	50
3.7.1.	Nasjonale føringar .....	50
3.7.2.	Regionale føringar .....	51
3.7.3.	Lokale føringar .....	53
4.	Vedlegg.....	55

## 1. INNLEIING

Planskildringa til kommuneplanen sin arealdel er ein utfyllande og forklarande tekststel som er tilknytt det juridisk bindande plankartet med føresegner og retningslinjer.

### 1.1. BAKGRUNN OG FØREMÅL

Kommuneplanen presenterer mål og strategiar Lindås kommune har for å møte framtidige utfordringar og bruk av areala i kommunen. Kommuneplanen består av både ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedtatt 21. september 2017. Arealdelen til kommuneplanen vart vedtatt 15. oktober 2019.

Arealdelen av kommuneplanen 2019-2031 er ein temavis revisjon av kommuneplanen frå 2011. Avgrensingane i arbeidet er forankra i Lindås kommune sin planstrategi for perioden 2016-2019<sup>1</sup>.

1. januar 2020 blir Lindås kommune slått saman med Meland og Radøy kommune, til nye Alver kommune. Føremålet med å rullere kommuneplanen sin arealdel (KPA) var å følgje opp strategiane i samfunnsdelen til kommuneplanen og å oppdatere arealpolitikken før kommunesamanslåinga i 2020. Ei hovudmålsetting for ny arealdel er å leggje til rette for attraktive nærmiljø. Planen følgjer opp mål og strategiar i samfunnsdelen, mellom anna om at bustadutviklinga skal skje i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, samt leggje til rette for spreidd busetnad i bygdene. Arbeidet følgjer opp nasjonale forventningar til planlegging.


Arealdelen til kommuneplanen består av planskildring, plankart og føresegner. Planskildringa omhandlar planen sitt føremål, innhald og verknader. Utbyggingsområda som er lagt inn i kartet har vore gjennom konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). KU og ROS-analyse er vedlegg til planskildringa.

### 1.2. PLANAVGRENSING

Figur 1 viser planavgrensinga for kommuneplanen sin arealdel. Dei to kommunedelplanene i nord; kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad og kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, ligg fast. Arealbruken i desse områda er ikkje vurdert i dette arbeidet. Dei to kommunedelplanane i sør; kommunedelplan for Knarvik-Alversund og Kommunedelplan for Alverstraumen, er slått saman til ein felles kommunedelplan, Kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen 2019-2031. Utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen, er gjennomført i eit tett samarbeid, og planane vart begge vedtatt i kommunestyremøte, 15. oktober 2019.

---

<sup>1</sup> Vedtatt 15. september 2016.



Figur 1 Planavgrensing kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

### 1.3. PLANPROSESS

I Lindås kommune sin planstrategi for 2016-2019 vart ein temarevisjon av arealdelen til kommuneplanen trekt fram som ei prioritert oppgåve. Det vart varsla oppstart av planarbeidet samtidig som planprogrammet vart lagt ut på høying, i perioden frå 16. januar til 4. mars 2018. Planprogram for arealdelen vart vedteke i kommunestyret 22. mars 2018.

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte 19. juni 2019 å leggje ut planforslaget på 1. gongshøyring og offentlig ettersyn. Høyringsfrist var 27. august 2019. Kommunestyret vedtok planen 15. oktober 2019 (sak 068/19).

#### 1.3.1. Organisering

Planarbeidet vert styrt av planavdelinga i Lindås kommune. Plan- og miljøutvalet har vore politisk styringsgruppe for arbeidet. I tillegg har administrativ styringsgruppe vore involvert.

Ei administrativ prosjektgruppe har vore ansvarleg for å styre planprosessen, og sikre intern og ekstern involvering. Den administrative prosjektgruppa har vore felles for arbeidet med både arealdelen til kommuneplanen og arbeidet med kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen.

Arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel starta opp hausten 2017. Arbeidet har i stor grad vore gjennomført som ein felles prosess med kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen, herunder; medverknadsarbeidet, felles utgreiingar for deltema og arbeid med felles føresegner og retningslinjer for planane.

### **1.3.2. Medverknad**

Plan- og bygningslova § 5-1 handlar om krav til medverknad i planprosessar. For å sikre god medverknad i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen er det gjennomført medverknad på ulike arena.

- Eiga nettside med publisering av informasjon, og link til underlag og referat frå politisk styringsgruppe
- Informasjons- og medverknadsmøter august/september 2018 og august 2019
- Opne kontordagar
- Barnetråkkregistrering
- Administrative arbeidsgrupper
- Dialog med regionale og statlege mynde; m.a. regionalt planforum

Informasjons- og medverknadsmøter har vore arrangert i samband med opning for å gje innspel til planarbeidet, hausten 2018, samt i samband med 1.gongs høyring av planen, august 2019.

Regionalt planforum er ein møtestad der kommunar kan drøfte planar som er under arbeid. Målet er at ein tidleg i planprosessen avklarar spørsmål og ulike interesser mellom kommunar, fylke og sektorstyresmakt. Planarbeidet vart drøfta i regionalt planforum 11.desember 2018.

Det har vore eigne møter med Statens vegvesen i samband med avklaringar kring planarbeidet for ny E 39 frå Flatøy til Eikefettunellen.

Det har også vore møte med kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune i samband med to nye omsynssoner for kulturmiljø; Indre Farlei og den Trondhjemske postveg.

Hausten 2018 vart det gjennomført barnetråkk i 6. og 9. klasse ved Ostereidet barneskule, Ostereidet ungdomsskule, Lindås barneskule og Lindås ungdomsskule. Registreringane er samanfatta i ein rapport og kart som har vore del av kunnskapsgrunnlaget for utarbeiding av planen.

#### **1.3.3.1 Innspel hausten 2018**

Sumaren 2018 inviterte Lindås kommune innbyggjarar og andre til å gje innspel til arbeidet med planen, med frist 14. september 2018. Det var fastsatt klare avgrensingar på innspel det var opna opp for å vurdere i arbeidet med planen. Desse avgrensingane vart fastsatt av den politiske styringsgruppa for arbeidet.

I forkant av fristen 14. september 2018, tok landbrukssjefen direkte kontakt med aktive bønder i kommunen, og oppmoda om å gje innspel til planarbeidet på aktuelle areal for LNF-spreidd næring (mottak av masser for forbetring av landbruksjord, samt etablering av tilleggsnæringar på garden).

Samla sett kom det inn om lag 200 innspel til kommuneplanen. Alle innspela på endringar i arealføremål har vore gjennom ei grovsiling. Administrasjonen utarbeida eit samandrag av kvart innspel, med ei tilråding som sa om innspelet skulle takast med vidare i planprosessen, eller ikkje. I grovsilinga vart innspela vurdert i høve til:

- Samfunnsdelen
- Planprogram
- Kunngjeringsstekst på nettsida; «Kva ønskjer vi innspel på no»
- Nasjonale og regionale retningslinjer og føringar
- Lokale tilhøve (jordvern, kulturminne, landskapsverdiar, teknisk infrastruktur, grønstruktur m.m.)

Grovsiling av arealinnspela var tema i tre ulike møter i politisk styringsgruppe; 16. oktober 2018, 14. november 2018 og 20. mars 2019. Politisk styringsgruppe har fatta det endelege vedtaket om kva innspel som vart tatt med vidare.

Konsekvensutgreiing (KU) er ei vurdering av innspel og planen sin verknad for miljø og samfunn. Innspela som ikkje vart silt ut, er vurdert i KU.

Innspel som ikkje var konkrete innspel på endringar i arealføremål, men innspel på kvalitetar/føresegn m.m. er og samanfatta av administrasjonen, og lagt fram for politisk styringsgruppe. Desse innspela har vore vurdert i samband med utarbeiding av planen.

#### 1.3.3.2 Innspel til 1.gongs høyring av planforslaget

Samla sett er det kome inn 60 innspel frå privatpersonar, næringsaktørar, lag/organisasjonar og offentlege etatar. Alle innspela er summert opp og vurdert i eit endrings- og merknadsskjema som er del av 2. gongs handsaming av kommuneplanen sin arealdel.

Dei fleste endringane i planframlegget etter 1.gongs handsaming er gjort med bakgrunn varsel om motsegn frå offentlege mynde. Det er gjort nokre mindre endringar i planframlegget med bakgrunn i innspel frå private og uttale frå offentlege mynde. Innspel på endringar som krev ny høyring av planframlegget er ikkje teke med fordi det vil medføre at ikkje planen vert vedteke i Lindås kommune.

#### **1.3.3. Motsegn til 1.gongs høyring av planforslaget**

Kystverket, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen fremja motsegn til planforslaget. For å løyse motsegna er det gjort endringar i planen. Endringane er forankra i den politiske styringsgruppa for planarbeidet (plan- og miljøutvalet 25.09.2019). Alle motsegn til planen er trekt.

Endringar i planen som følgje av motsegn:

Kystverket

- Areal for småbåthamn på Feste skal reduserast for å unngå konflikt med farleia.

Hordaland fylkeskommune

- B 8 Leknes vert tatt ut av planen



- Endring i føresegn 4.2.1 Banlegging etter lov om: Naturvern og kulturminne; nytt føresegn sikrar ein betre integrering av områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730), samt omsynet til mellomalderkyrkjestadane på Lindås, Myking og Seim.
- B1 Lindås er redusert slik at den Trondhjemske postvei går utanfor området.
- Endring i føresegn 3.4.7 Eigedom med status som LNF-spreidd: nytt føresegn sikrar søknadsplikt for tiltak, samt at søknad om tiltak skal sendast til kulturminnemynde for uttale.

#### Fylkesmannen i Vestland

- Føresegn 3.5.3 Havbruk/Akvakultur: Tillegg til føresegn som sikrar at det ikkje kan kome endringar eller nyetableringar før interkommunal plan for akvakultur er på plass.
- BAB 1 Nordre Trongholet: Arealet er redusert for å redusere nedbygging av strandsona.
- BAB 8 Sauvågen: vert tatt ut av planen.
- BAB 15 Tveitastø; Arealet er redusert for å hindre nedbygging av strandsona.
- B 1 Lindås; Arealet er redusert slik at den Trondhjemske postvei går utanfor området, og inngrep i grøntareal er mindre.
- I tillegg til desse punkta er det gjennomført endringar, til dømes justering av areal og føresegner, som resultat av gjennomført dialogmøte med Fylkesmannen 25. september 2019.

## 2. TEMA I AREALDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

Følgjande hovudtema er handsama i planprosessen:

- Sentrumsutvikling
- Næringsutvikling
- Bustadutvikling
- Landbruk-, natur-, og friluftsområde
- Grøntstruktur
- Byggeområde for naust og småbåthamner

### 2.1. BAKGRUNN

I planstrategien for 2016-2019 vedtok ein å gjennomføre ein temavis rullering av kommuneplanen sin arealdel. Dette kapittelet gjev ei omtale av dei tema som er del av rulleringa. Før omtalen av tema, er sentrale utviklingstrendar som påverkar planlegginga omtala. I tillegg til hovudtema i planarbeidet, er det lagt inn endringar som ein konsekvens av pågåande prosessar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Desse endringane er omtala i kap. 3.

Lindås kommune har lenge hatt sterk folketalsvekst, som følgje av høg tilflytting og innvandring til kommunen. Sidan dei fleste innvandrarar og tilflyttarar er unge har dette bidrege til at befolkninga som heilskap er ung. Det har ført til at også fødselsoverskotet (talet fødslar minus talet dødsfall) er høgt i Lindås. Prognosane for framtidig folketal er basert på føresetnadar om at dei historiske trendane for flytting, migrasjon, dødsfall og fødslar i kommunen held fram. For Lindås har folketalsprognosane dermed lenge vore svært positive.

Dei siste åra har likevel tilflyttinga og innvandringa vore noko lågare enn tidlegare. I 2017 var utflyttinga høgare enn tilflyttinga i Lindås kommune, for fyrste gong sidan 2009. Det same var tilfelle i 2018. Desse utviklingstrekk er blitt reflektert i nedjusterte folketalsprognosar. I 2013 viste folketalsprognosen til Hordaland fylkeskommune at Lindås ville nå om lag 19 500 innbyggjarar i 2030. I den nyaste prognosen, frå 2018, er dette justert ned til om lag 17 800. SSB sine folketalsprognosar viser ein enno lågare prognose<sup>2</sup>. Folketalsprognosen for dei neste tjue åra (til 2038) gir ein venta vekst på 20 prosent, medan veksten dei siste tjue åra har vore på 27 prosent.

Prognosen for hushaldningar i Lindås syner ein venta vekst på i alt 1 231 hushaldningar fram til 2031, og 1 827 i 2039 (sjå tabell 1). Den venta veksten er størst for aleinebuande og par utan barn. Desse utviklingstrekk speglar aldringa av befolkninga. Den venta veksten for hushaldningstypene med barn (under 18 år) summerer seg til om lag 80 hushaldningar i 2031, og 160 i 2039. Desse utviklingstrekk må bli førande for korleis kommunen disponerer areala sine, for å på best mogleg vis kunne møte framtidige behov.

---

<sup>2</sup> 17 400 innbyggjarar i 2030.

Tabell 1 Utvikling i ulike typer hushaldningar 2031 og 2039


	2031		2039	
	Hushaldningar i alt	Differanse frå 2018	Hushaldningar i alt	Differanse frå 2018
<b>Aleinebuande</b>	3 104	612	3 406	914
<b>Par utan barn</b>	2 110	427	2 291	608
<b>Par med barn</b>	1 583	62	1 646	125
<b>Einsleg mor/far med barn</b>	311	6	323	18
<b>Einfamiliehusald med vaksne barn</b>	581	73	599	91
<b>Fleirfamiliehusald utan barn</b>	290	43	305	58
<b>Fleirfamiliehusald med barn</b>	111	8	116	13
<b>Alle hushald</b>	8 090	1 231	8 686	1 827

## 2.2. SENTRUMSUTVIKLING

Lindås kommune har tre definerte senter: kommunesenteret Knarvik, som også er regionsenter i Nordhordland, og nærsentera Lindås og Ostereidet. 1. januar 2020 blir Lindås, Meland og Radøy til Alver kommune. Ifølgje intensjonsavtalen for Alver kommune skal denne senterstrukturen gjelde også i den nye kommunen, saman med lokal- og nærsentra Frekhaug, Vikebø, Manger og Bøvågen.


Kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen, skal følgje opp føringar i samfunnsdelen om å legge til rette for utviklinga av Knarvik som ein attraktiv og levande by for heile Nordhordland. Det er og viktig å avstemma ei rollefordeling mellom regionsenteret Knarvik og dei mindre nærsentra Ostereidet og Lindås. Senterstruktur og sentrumsutstrekning skal bidra til samordna areal- og transportplanlegging, kor ein legg til rette for ei funksjonsdeling og berekraftig areal- og samfunnsutvikling med attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde.

I arealdelen til kommuneplanen er det fastsatt ei nærsenteravgrensing på Lindås og på Ostereidet. Nærsenteravgrensinga er ei fastsetting av den framtidige vekstsona til kvart nærsenter. Føremålet er å konsentrere og styrke den framtidige utviklinga i nærsentra.



**Figur 2 Nærsenteravgrensing for Ostereidet nærsenter**

Arbeidet med ein områdeplan for Ostereidet, er starta opp og er prosess ved vedtak av kommuneplanen sin arealdel. Hovudføremålet med områdereguleringsplanen er å leggje til rette for god stadsutvikling på Ostereidet, både ved senter- og skule-, idretts-, barnehage- og kyrkjeområdet, og å legge grunnlaget for etablering av ei trafikksikker samanbinding for mjuke trafikantar mellom desse to hovudområda. Nærsenteravgrensinga omfattar eit noko større areal enn planområdet for områdeplanen.



Figur 3 Nærssenteravgrensning for Lindås nærssenter

I kommunestyremøtet 21. februar 2019 blei det vedtatt å gjennomføre ein muligheitsstudie for Lindås nærssenter, som grunnlag for ein framtidig områdeplan for dette området. Arbeidet vert gjennomført hausten 2019.

### 2.2.1. Bustadar i sentrum

Alle dei tre sentera i Lindås kommune har hatt folketalsvekst i perioden 2011- 2019<sup>3</sup>. Målt i tal personar har veksten vore sterkast i Knarvik, der folketalet har auka med nesten 300 personar. Alle sentera har hatt sterkare prosentvis folketalsutvikling enn kommunen under eitt. Som følgje av at veksten har vore stor, også utanfor sentrumsområda i kommunen, i aksen mellom Knarvik og Alversund, er derimot den delen av innbyggjarar som bur i eller nært eit sentrumsområde, ganske stabil.

Tabell 2 viser nettoflytting etter aldersgrupper til/frå dei tre sentra i Lindås kommune. Knarvik har stor netto tilflytting i alle aldersgrupper. Samanlikna med dei to andre sentera utmerkar Knarvik seg ved å ha særleg stor netto tilflytting i dei eldre aldersgruppene. Lindås senter har også stor netto tilflytting. Samanlikna med dei andre to sentera skil Lindås seg ut ved å ha noko større tilflytting for dei yngste barna og vaksne i alderen 20-44 år. For barn mellom 13 og 19 år var nettoflyttinga derimot negativ på Lindås. På Ostereidet er flyttinga av mindre omfang, men også dette senteret har netto tilflytting i alle aldersklassar, med unntak av aldersgruppa 20-44 år.

Tabell 2 Nettoflytting etter aldersgrupper. Sentera i Lindås kommune 2010-2017

	<b>0- 12 år</b>	<b>13- 19 år</b>	<b>20-44 år</b>	<b>45-66 år</b>	<b>67-79 år</b>	<b>80-89 år</b>	<b>90+ år</b>	<b>Sum</b>
<b>Knarvik</b>	29	63	54	111	88	47	15	407
<b>Ostereidet</b>	12	9	-6	16	6	20	5	62
<b>Lindås</b>	63	-15	120	18	5	12	16	219


Innanfor nærsenteravgrensinga til både Lindås og Ostereidet, er det i dette planarbeidet vurdert å vere tilstrekkeleg med ledig bustadareal i eksisterande planar. Desse areala vert vidareført i denne planen. Knarvik har også ein stor bustadreserve, mellom anna i områdeplan for Knarvik og områdeplan for Lonena.

<sup>3</sup> Framstillinga er basert på registerbasert folketal per grunnkrins. For Knarvik gjeld krinsane Knarvik H, Knarvik K og Knarvik senter, for Ostereidet gjeld krinsen Eide og for Lindås gjeld krinsen med same namn.

## 2.2.2. Handel i sentrum

Knarvik fungerer som lokalsenter for om lag to tredjedelar av innbyggjarane i kommunen. I tillegg skal Knarvik, som kommune- og regionsenter, tilby tenester som har kommunen og regionen som nedslagsfelt. Knarvik er i konkurranse med Bergen og Åsane om kundegrnlaget frå Lindås og Nordhordland. Lokalisering av detaljvarehandel i sentrum av Knarvik er vesentleg for å bidra til eit konkurransedyktig handelstilbod i Lindås kommune. I nærsentera, Ostereidet og Lindås, skal handel- og tenestetilbodet vere tilpassa innbyggjartalet i handelsområdet. Nærsentera skal møte innbyggjarane sine daglege handel- og tenestebehov.

Rapporten «Handelsnæringa i Alver kommune»<sup>4</sup> viser at handelslekkasjen frå Lindås kommune for såkalla utvalsvarer (omfattar dei fleste småvarer unntake matvarer) er betydeleg og har auka dei siste par åra. Det tyder på at handelsnæringa i kommunen har tapt konkurransekraft relativt til Bergen og Åsane. Handelsanalysa har òg berekna behovet for handelsareal i Lindås kommune under eitt, og fordelt på dei tre sentera. I tråd med Hordaland fylkeskommune sin mal for handelsanalyser, har ein rekna to kvadratmeter handelsareal per innbyggjar i kommunen. Vidare har ein sett som føresetnad at 25 prosent av etterspørselen frå innbyggjarane som har Ostereidet eller Lindås som lokalsenteret sitt fell til Knarvik. Den same føresetnaden er sett for omlandskommunane i Nordhordland. Knarvik regionsenter får då eit samla behov for handelsareal på om lag 25 000 kvadratmeter i 2018, og oppunder 28 000 kvadratmeter i 2028. For Lindås nærsenter er behovet 3161 kvadratmeter i 2018 og 3360 i 2028, og på Ostereidet nærsenter er det 2046 i 2018 og 2157 i 2028.



Figur 4 Handelsareal Lindås og Ostereidet - behov og tilgjengeleg areal

Figur 4 viser at tilgjengeleg areal for handel på Lindås og Ostereidet<sup>5</sup> er tilstrekkeleg for det forventa behovet for handelsareal som rapporten viser. Det er difor ikkje lagt inn nytt areal til handel i arealdelen til kommuneplanen.

<sup>4</sup> Rapport datert mai 2019.

<sup>5</sup> Legg til grunn tal handelsareal i tråd med høyringsforslag til områdeplan for Ostereidet (plan-id: 1263-201802).

## 2.3. NÆRINGSUTVIKLING


Hovudvekta av næringsverksemda i kommunen er i Knarvik og på Mongstad, og dette skal arealdelen bygge opp under. Samfunnsdelen legg klare føringar for å samle og utvikle arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og Fv. 57, samt målsetting om at Lindås kommune skal vere blant dei fremste på vestlandet innanfor havbruk.

I denne temavise rulleringa av arealdelen har kommunen:

- Utarbeida ei handelsanalyse for Alver kommune

### 2.3.1. Næringsareal i gjeldande planer

Næringsarealet i arealplanane<sup>6</sup> som låg til grunn i kommunestyreperioden 2015-2019 utgjorde om lag 8000 dekar til saman. Størsteparten av næringsarealet i Lindås, 6 400 daa, ligg innanfor planområdet til kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad. I arealdelen til kommuneplanen utgjorde næringsareala 1 586 dekar, og i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund 142 dekar.



Figur 5 Fordeling av næringsareal i kommuneplan og kommunedelplanar

I kommunen under eitt er 64 prosent av næringsareala regulert. Innanfor dei regulerte områda er 66 prosent (3 458 dekar) teigar som er tekne i bruk og bebygd med næringsbygg. 1 782 dekar av det regulerte arealet i kommunen står ubebygd. Mykje av dette arealet er i dag til sals, og ope for nye næringsetableringar.

<sup>6</sup> Kommuneplanen sin arealdel 2011-2023, Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, Kommunedelplan for Alverstraumen og Kommunedelplan for Knarvik-Alversund.



### **2.3.2. Nok næringsareal på rett stad?**

Lindås kommune skal ha næringsareal som bidreg til å «*opprethalde og styrke eksisterande næringar i kommunen, samtidig som ein skal legge til rette for etablering av nye næringar og verksemder*» (planprogrammet KPA). I samfunnsdelen er det særskilt lagt vekt på at «*..Lindås skal vere ein attraktiv kommune for utvikling av fag og kompetansearbeidsplassar*» (mål 6).

For å bidra til attraktivitet for eit breitt spekter av næringar, må areala reflektere at næringane varierer med omsyn til kva behov dei har. I tillegg er det lagt vekt på at samlokalisering av verksemder i seg sjølv er ein attraktivitetsfaktor for etablering av andre verksemder. Samstundes er det kommunen sitt ansvar å balansere primærønska til næringslivet mot andre samfunnsinteresser. Utvalet av næringsareal i kommunen er såleis gjort etter samla vurderingar av terrenginngrepa dei medfører, transportbehova det utløyser og andre tilhøve som har konsekvensar for fellesskapet.

For kommunen er det avgjerande å få rett funksjon på rett stad. Næringsføremål skal lokalisert langs E39 og Fv. 57. Knarvik sentrum skal transformerast, og kommunen har eit behov for å legge til rette for at arealkrevjande næringar, som til dømes bilbutikkar, trelast og hagesenter kan relokalisert i nærleiken av sentra. Her skal dei ha god tilgang for både bil og kollektivtransport. Besøksintensive næringar representerer ein resurs når dei er lokalisert slik at dei støttar opp om ønska utvikling, men også motsett når dei plassert feil.

I arealdelen til kommuneplanen er det ledig kapasitet i eksisterande næringsareal, som vert vidareført. Det er vurdert slik at den reserven er tilstrekkeleg for denne planperioden.

### **2.3.3. Næringsareal til havbruk**

Lindås kommune har ein ambisjon om å vere blant dei fremste på Vestlandet innanfor havbruk. I intensjonsavtalen for Alver kommune, datert 8. juni 2016, ligg det inne at Alver kommune skal utarbeide landbruks- og akvakulturplan. Det vidare arbeidet med havbruk vil i fyrste omgang følgjast opp i planstrategi for Alver kommune, som vert starta opp hausten 2019. I arbeidet må ein ta stilling til fleire nærings- og arealretta spørsmål. Mellom anna gjeld dette landbaserte anlegg og diskusjonen om lukka sjøanlegg. Vidare må vi sjå på, korleis ein legg til rette for teknologisk utvikling, moglege område for drift av tang og tare og ikkje minst større tilgjengelege fleirbruksområde.

I planen er det lagt inn eit nytt areal for akvakultur på land, i tråd med vedteken reguleringsplan. Eksisterande areal til havbruk vert vidareført, men i områder der det ikkje allereie er gjeve løyve til verksemd i samsvar med arealføremålet, kan det ikkje starte opp detaljplan eller gjevast løyve til tiltak før det er utarbeida ein interkommunal plan for akvakultur som viser den samla belastninga på fjordsystemet.

## 2.4. BUSTADUTVIKLING

I denne temavise rulleringa av arealdelen har kommunen:


1. Kartlagt eksisterande bustadareal
2. Utarbeida prognoser for befolkningsvekst og samansetning av ulike typar hushaldningar
3. Fulgt opp fastsatte kvalitetskrav til bustadområder, som vedtatt i samfunnsdelen.
  - Kvalitet i buområda:
    - Varierte bustadtypar
    - Samanhengande gang- og sykkelveggar
    - Møteplassar og uterom
    - Trygg ferdel for barn og unge
    - Natur og friområde i bumilja
    - Digital infrastruktur
    - Oppretthalde kulturlandskapet
    - Utbygging av off. vass- og avløpsanlegg
    - Redusere behov for lokaltransport
    - Fortetting
    - Legge til rette for mjuke trafikantar
  - Infrastruktur – veg, vatn og avløp (VVA), digital infrastruktur, parkering:
    - Samanhengande gang- og sykkelveggar
    - Pendlerparkering
    - Sikre infrastruktur som gjør det mulig å nytte miljøvennlege transportmiddel
    - Infrastruktur som legg til rette for mjuke trafikantar
    - Digital infrastruktur
    - Legge til rette for at fleire kan bu heime
4. Fastsatt kriterier for vurdering av å ta ut uregulerte bustadareal:
  - Område/areal som ikkje er i tråd med overordna føringar for samordna bustad-, areal og transportplanlegging
  - Område/areal som blir vurdert som mindre eigna grunna til dømes terrengtilhøve og tilkomst
  - Område/areal som ikkje er utvikla sidan dei vart lagt inn i gjeldande kommuneplan
5. Fastsatt kvalitetskrav ved vurdering og val av nye områder for bustad utanfor nærsentra:
  - Busetnad i området
  - Nærleik til barnehage
  - Nærleik til skule
  - Kollektivtilbod
  - Infrastruktur (VVA)
  - Nærleik til butikk
  - Nærleik til arbeidsplassar

Kvalitetskrava skal tilleggast avgjerande vekt når det kjem til plassering av nye områder for bustad i den grad tilbodet fins i det aktuelle området.

I tillegg har ein, som omtalt under kap. 2.2 fastsatt nærsenteravgrensing for Lindås og Ostereidet.

### 2.4.1. Bustadareal i gjeldande planer

Figur 6 viser korleis bustadbygginga i Lindås kommune i tiårsperioden frå 2008 til 2018 har fordelt seg på skulekrinsane. For kvar skulekrins er det samla talet på bustadeiningar som er bygd vist, og dei raude prikkane viser geografisk lokalisering. Figuren viser at hovudtyngda av bustadutviklinga har skjedd i korridoren frå Alversund – Knarvik – Leiknes, samt på Lindås og Ostereidet.



Figur 6 Bustadbygging i Lindås kommune 2008-2018, fordelt på skulekrins

Kartlegging av bustadreserven i Lindås kommune viser at det er ein stor bustadreserve i eksisterande planar<sup>7</sup>. Figur 7 viser bustadreserven i kommunen fordelt på skulekrinsane. Figuren viser tal på ledige bustadtomter, fordelt på skulekrinsane. Tala er basert på ein overordna gjennomgang av bustadareal, kor bebygd areal er tatt vekk. Grunnlaget for figuren er utarbeida hausten 2018.

<sup>7</sup> Kommuneplanen sin arealdel 2011-2023, Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, Kommunedelplan for Alverstraumen og Kommunedelplan for Knarvik-Alversund.



### 2.4.2. Nok bustadareal på rett stad?

Gjennomgangen av tilgjengeleg bustadareal viser at Lindås kommune har ei stor reserve av bustadareal i gjeldande planar. Sett i høve til folketalsprognosar for åra framover, som viser ei moderat vekst, så dekker bustadreserven behovet kommunen har i mange år framover. Ein sentral diskusjon i planarbeidet har difor vert om det ledige bustadarealet støtter opp under føringar i samfunnsdelen, og innehar ønskja kvalitet. Samfunnsdelen har fastsatt ulike kvalitetskrav for bustadområde og tilhøyrande infrastruktur som vert følgt opp i arealdelen.

For å lykkast med utviklinga av regionsenteret bør hovudvekta av bustadutbygginga skje i Knarvik. Korte avstandar mellom bustad og daglege gjeremål gjer kvardagen enklare og fremmar bruk av miljøvenleg transport. Fleire bustadar i sentrum og god tilrettelegging for gåande og syklende bidreg til auka liv og aktivitet i sentrum og legg grunnlag for den urbane utviklinga ein ønskjer i Knarvik. For å oppnå regionale mål om fortetting er det naudsynt å legge til rette for gjennomføring av områdeplan for Knarvik.

Når kommunen vel å styrke kommunesenteret sitt og nærsentra sine er det for å nå ei rekke mål frå samfunnsdelen (trygg skuleveg, folkehelse, attraktivitet m.m.). Framskrivningane for utviklinga i type hushaldningar viser at det er naudsynt å legge til rette for buformer som møter framtidige behov (når fleire skal bu aleine treng ein mindre plass, men betre møteplassar). Attraktivitet handlar om at kommunen må kunne tilby ulike buformer og legge til rette for auka privat investeringsvilje der kor kommunen ser at befolkningsvekst bidreg positivt til samfunnsutviklinga.

Med bakgrunn i dette er nytt bustadareal som er lagt inn i planen avgrensa. I tillegg er ein del område avsett til bustad i tidlegare planperiodar, der det ikkje er skjedd utvikling, teke ut av planen. Når kommunen har tatt ut areal til bustad er det fordi desse areala er vurdert som mindre eigna for bustadføre mål, jamfør kriteria som er omtalt i kap. 2.4. Samla sett er bustadarealet redusert i både arealdelen til kommuneplanen og kommunedelplanen, i høve til tidlegare planar.

KPA 2011-2023 har om lag 4 600 daa med bustadareal. Det er lagt inn 19 daa med nytt bustadareal. Basert på fastsette kriterium er det i planframlegget tatt ut om lag 414 daa bustadareal. KPA 2019-2031 har dermed om lag 4 200 daa med bustadareal. Det er ledig bustadareal i alle skulekrinsane.

## **2.5. LANDBRUK-, NATUR-, OG FRILUFTSOMRÅDE**

Arealdelen til kommuneplanen søker å oppretthalde kulturlandskapet, ta vare på verdifullt landbruksareal og legge til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. Det er eit nasjonalt mål om å i størst mogleg grad ta vare på dyrka og dyrkbar jord. Omsynssone for landbruk og friluftsliv har stor betydning i arealforvaltninga, og skal ligge på dei areala som er i bruk i dag og som i framtida er eigna for landbruksdrift.

I denne temavise rulleringa av arealdelen har kommunen:

- revidert omsynssone landbruk
- utarbeida liste over bebygde eigedomar i LNF som skal få fritak frå dispensasjon for mindre tiltak
- vurdert eksisterande LNF-spreidd bustad områder basert på fastsette kriterium

### **2.5.1. LNF-spreidd bustad**

Som omtala under «Bustad», legg samfunnsdelen opp til busetnad i heile kommunen. Utlekking av LNF-spreidd områder, med eit avgrensa tal for nye bustader i planperioden, er sentralt for å sikre at kommuneplanen legg til rette for spreidd bustadbygging i heile kommunen. På same tid er talet på tomter avgrensa, slik at ein likevel sikrar at hovudvekta av tilgjengeleg areal til bustad er i region- og nærsentra.

Eksisterande LNF-spreidd bustad områder er kartlagt, og vurderingane om eventuell vidareføring eller ikkje, er vurdert i høve til følgjande tilhøve;

- Terrengtilhøve
- Infrastruktur
- Ikkje bygd ut i planperioden
- ROS
- Nærleik til «ledig» regulert areal evt. bustadområde

Ein del av eksisterande bebygde eigedomar i LNF-spreidd vert omfatta av oppstillinga av bebygde eigedomar i LNF.

### **2.5.2. LNF-spreidd næring**

Samfunnsdelen er tydeleg på at Lindås kommune ønskjer å legge til rette for at aktive bønder kan styrke gardsdrifta med ulike tilleggsnæringar. Kommuneplanen legg difor opp til ei utviding i bruken av arealføremålet LNF-spreidd næring. Arealføremålet rettar seg primært til tilrettelegging for ulike typar aktivitet; «Inn på tunet», gardsutsal, servering, samt mottak av masser for forbetring av landbruksjord. Areal avsett til mottak av masser for forbetring av landbruksjord vert tilbakeført til LNF når tiltaket er avslutta.

### **2.5.3. Bebygde eigedomar i LNF**

I både kommuneplanen og kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen er det lista opp bebygde eigedomar i LNF kor ein opnar opp for ein del mindre tiltak som kan gjennomførast utan krav om dispensasjon. Eigedommane er lista opp i vedlegg A og B i føresegnene.

Følgjande prinsipp ligg til grunn for dei eigedommane som er lista opp:

- Eigedommar inntil 5 mål
- Er bygd med fritidsbustad eller bustad godkjent etter plan- og bygningslova
- Eigedommane må vurderast i forhold til andre planomsyn som byggegrense mot offentlig veg, omsynssoner, støy, ROS m.m.

### **2.6. GRØNSTRUKTUR**

Ein samanhengande grønstruktur er viktig både for innbyggjarane si helse og levekår, og for å oppretthalde det biologiske mangfaldet. Gode grøntområde kan nyttast som uformelle møteplassar mellom ulike menneske, og auke butrivsel og fremje utandørsaktivitet. Kommuneplanen sin arealdel følgjer opp samfunnsdelen ved å sikre verdifulle natur- og friluftsområder, samt sikre gode tilkomst og unngå å bygge dei ned.

Lindås kommune har mange gjennomgangsstiar som går nord-sør. Døme på dette er frå Knarvik til Feste-Lygra og frå E 39 til Vågseidet. Parkeringsplassar i endane av slike gjennomgangsstiar er viktig. Ved utvikling av nye byggeområder skal parkering og tilgang til natur- og friluftsområder vurderast. I samband med vegutbygging er det viktig at det vert lagt til rette for trygg kryssing.

I konsekvensutgreiinga av arealinnspel til planen, har omsynet til friluftsliv i nærmiljøet og tur- og friluftsområder i kommunen vore sentralt. Det er og samla inn informasjon om parkeringssituasjonen ved viktige turområder i kommunen. I kommuneplanen sin arealdel, er det ikkje lagt inn nye areal til parkering i samband med eksisterande friluftsområder i denne rulleringa.

### **2.7. BYGGEOMRÅDE FOR NAUST OG SMÅBÅTHAVNER**

I Lindås kommune har behovet for naust først og fremst blitt dekkja i samband med småbåthamnene. Denne strategien har blitt vidareført i rulleringa av ny arealdel. I denne rulleringa har kommunen opna for å vurdere nye naustområder som er i tråd med følgjande føringar;

- naustområde med 8 til 15 naust
- tilkomst med bil
- parkering
- tilkomst for gåande og syklande
- tilgang for ålmenta i naustområda

Lindås kommune har ei lang kystlinje og det er mange som ønskjer å etablere naust og småbåtanlegg i kommunen. For å avgrense og samle inngrep i strandsona, har kommunen fastsatt ei avgrensing på kva typer naust- og småbåtanlegg ein ønskja innspel på. Nye områder for naust og småbåthamner i planen gjeld i all hovudsak deler av strandsona som allereie er bygd ut og konsekvensen for strandsona vert difor vurdert som mindre. Det vert sett krav til at ålmenta sin tilgang til strandsona skal sikrast i detaljplan. Nye areal til småbåtanlegg er vurdert som samla sett positive, ved at dei til dømes opnar opp for å kunne ordne opp i tilhøve som tilkomst, parkering o.l.



### 3. OM KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2019-2031

#### 3.1. AREALENDRINGAR I KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2019-2031

Tabell 4 viser arealendringar i kommuneplanen sin arealdel 2019-2031. Alle endringane har vore del av konsekvensutgreiing og ROS-analyse.

Tabell 4 Arealendringar i kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

OMRÅDENAMN KPA 2019-2031	STAD	AREALFØREMÅL KPA 2011- 2023	AREAL I DAA
<b>NYE AREAL TIL NÆRING</b>			
BN 1	Grønevika	LNF	6,7 daa
BN 3	Eknes	LNF	3,7 daa
BN 4	Eknes	LNF	2,4 daa
BN 6	Nedre Eikanger	Offentleg/privat tenesteyting	0,48 daa
<b>SUM NYTT AREAL NÆRING</b>			<b>13,3 daa</b>
<b>NYE AREAL TIL AKVAKULTUR</b>			
VA 1	Nesfossen	LNF	124 daa
<b>SUM NYTT AREAL AKVAKULTUR</b>			<b>124 daa</b>
<b>NYE AREAL TIL FRITIDS- OG TURISTFORMÅL</b>			
BFT 1	Bergfjord	LNF	20 daa
<b>SUM NYTT AREAL FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL</b>			<b>20 daa</b>
<b>NYE AREAL TIL GRAV- OG URNELUND</b>			
BGU 1	Apalen	LNF	3,5 daa
<b>SUM NYTT AREAL GRAV- OG URNELUND</b>			<b>3,5 daa</b>
<b>NYE AREAL TIL OFFENTLEG ELLER PRIVAT TENESTEYTING</b>			
BOP 1	Eikanger	LNF	26 daa
<b>SUM NYTT AREAL OFFENTELEG ELLER PRIVAT TENESTEYTING</b>			<b>26 daa</b>
<b>NYE AREAL TIL BUSTAD</b>			
B 1	Lindås	Grøntområde	8,1 daa
B 4	Nappane 0,8 daa	Friluftsområde	0,8 daa
B 11	Eikekletten 10 daa	Fritidsbustad	10 daa
<b>SUM NYTT AREAL BUSTAD</b>			<b>19 daa</b>

<b>NYE AREAL TIL LNF-SPREIDD NÆRING</b>			
LSN 2	Skotsund	LNF	7,7 daa
LSN 3	Spurkeland	LNF	9,8 daa
LSN 4A	Spurkeland	LNF	5 daa
LSN 4B	Spurkeland	LNF	1 daa
LSN 4C	Spurkeland	LNF	3 daa
LSN 4D	Spurkeland	LNF	0,3 daa
LSN 4E	Spurkeland	LNF	1,4 daa
LSN 4F	Spurkeland	LNF	2,8 daa
LSN 5	Sellevoll	LNF	4 daa
LSN 7A	Åse	LNF	3,6 daa
LSN 7B	Åse	LNF	9,1 daa
LSN 7C	Åse	LNF	14,8 daa
LSN 8	Høyland	LNF	23,7 daa
LSN 9	Storneset	LNF	25 daa
LSN 10	Bjørgo	LNF	1,2 daa
LSN 11	Eidevågen	LNF	1,5 daa
LSN 12	Askeland	LNF	4,6 daa
LSN 15	Molvik	LNF	0,16 daa
<b>SUM NYTT AREAL LNF-SPREIDD NÆRING</b>			<b>118,7 daa</b>
<b>NYE AREAL TIL ANDRE TYPER BEBYGGELSE OG ANLEGG – SMÅBÅTANLEGG OG/ELLER NAUST</b>			
BAB 1	Nordre Trongholet	LNF	4,2 daa
BAB 2	Festevågen	LNF	1,7 daa
BAB 3	Nappevika	Bustad, fritidsbustad og sjøareal	7,5 daa
BAB 4	Nordre Totlandsvika	LNF	0,8 daa
BAB 5	Rydland	LNF	9,2 daa
BAB 7	Gardvika	LNF	11 daa
BAB 9	Sauvågen	Næring og sjøareal	2,5 daa
BAB 11	Eikangervåg	LNF	0,6 daa
BAB 12	Eikangervåg	Sjøareal	1,4 daa
BAB 15	Tveitastø	Næring	9,6 daa
BAB 16	Molvik	LNF og sjøareal	1,7 daa
<b>SUM NYTT AREAL SMÅBÅTANLEGG</b>			<b>50 daa</b>

### 3.2. ANDRE AREALENDRINGAR

#### 3.2.1. Bustad

Jamfør kriteria for å vurdere å ta ut bustadareal i gjeldande planar, er det lagt til grunn å ta ut om lag 400 dekar med bustadareal.

Vurderingskriterier:

- Område/areal som ikkje er i tråd med overordna føringar for samordna bustad-, areal og transportplanlegging
- Område/areal som blir vurdert som mindre eigna grunna til dømes terrenghøve, skred, ras, flom, teknisk infrastruktur og tilkomst
- Område/areal som ikkje er utvikla sidan dei vart lagt inn i gjeldande kommuneplan

Tabell 5 viser kva areal som vert tatt ut. Samla areal til bustad i KPA 2019-2031, etter reduksjon omtalt i tabellen, er om lag 4 240 daa.

Tabell 5 Bustadareal som vert tatt ut av plankartet

OMRÅDE I KPA	MERKNADER/ UTFORDRINGAR	AREAL I DAA
<b>MYKING SKULEKRINS</b>		
Myking	Lagt inn i KPA i 2011. Ikkje bygd ut. Det er ledig areal i regulerte områder. Arealet ligg i bratt terreng.	14 daa
Hodneland	Lagt inn i KPA i 2003. Ikkje bygd ut. Arealet ligg i eit dalsøkk og er vurdert som lite eigna.	10 daa
Sævrås	Ikkje bygd ut i planperioden (siden 2011). Ledig areal innanfor skulekrinsen.	5 daa
Vabø	Lagt inn i KPA i 2003. Ikkje bygd ut. Det er ledig areal i regulerte områder.	35 daa
Vabø (inneklemt)	Lagt inn i KPA i 2011. Utfordring med vatn og ligg i bratt terreng. Sjå og vurdering over.	4 daa
<b>SEIM SKULEKRINS</b>		
Bergfjord	Ikkje bygd ut i planperioden (siden 2011). Ledig areal til bustad i regulerte områder.	5 daa
Monstad B38	Ikkje bygd ut i planperioden (siden 2011). Ledig regulert areal til bustad innanfor skulekrinsen.	14 daa
Feste – nedre del mot sjø	Arealet ligg i delvis bratt terreng. Byggegrense mot sjø deler ca. halve arealet. Er bustadareal (16 daa) på nordsida av fylkesvegen.	45 daa
Nappane/Titland	Ikkje bygd ut i planperioden. Bratt terreng, utfordring med veg, ikkje kommunalt vatn og avløp. Ledig regulert areal til bustad innanfor skulekrinsen.	60 daa
Seim Fiskeset B39	Ledig regulert areal til bustad innanfor skulekrinsen.	5 daa
Totland - Seim	Lagt inn i KPA 2003. Ikkje bygd ut. Ledig regulert areal til bustad i området.	9 daa

<b>ALVERSUND SKULEKRINS</b>		
Sellevoll	Bratt, bør ha fokus på å bygge ut dei områda som er regulert. Ledig kapasitet i regulerte område innanfor skulekrinsen.	57
<b>LEKNES SKULEKRINS</b>		
Hjelmås	Har lagt inne i 2 planperiodar utan utvikling. Har regulerte areal i reguleringsplanen for Helleåsen og Apalen sør med ledig kapasitet.	24 daa
Fyllingen	Lagt inn i KPA i 2011. Ikkje bygd ut. Har ledig areal innanfor skulekrinsen i regulerte felt.	12 daa
<b>KLØVE SKULEKRINS</b>		
Kløve nord	Lagt inn i KPA 2003. Ikkje bygd ut. Har regulerte areal for bustad med ledig kapasitet.	11 daa
Fammestad sør	Lagt inn i KPA 2003. Ikkje bygd ut. Ledig areal til bustad i regulerte felt; Jydalen og Kløve.	16 daa
Fammestad nord	Lagt inn i KPA 2003. Ikkje bygd ut. Ledig areal til bustad i regulerte felt; Jydalen og Kløve.	11 daa
<b>OSTEREIDET SKULEKRINS</b>		
Eidsheim	Ikkje bygd ut i planperioden (sidan 2011). Ligg opp til nærsenter Ostereidet, og med ledig bustadareal.	8,5 daa
Heltveit	Ikkje bygd ut i planperioden (sidan 2011). Ledig regulerte areal til bustad innanfor skulekrinsen.	3 daa
Molvik	Ikkje bygd ut i denne planperioden eller sidan 2003. Ikkje lagt til rette for veg, vatn eller avløp. Ledig areal til bustad i skulekrinsen og i nærsenteret Ostereidet	17 da
Romarheimsneset	Ikkje bygd ut sidan 2003. Bratt terreng. Byggegrense mot sjø på store delar av arealet. Utfordringar knytt til vatn og avløp.	17 daa
Veland	Arealet ligg i bratt terreng med skredfare, og er ueinga for utbygging. Det er ledig regulert areal til bustad i skulekrinsen.	32 da
<b>SUM BUSTADAREAL UT</b>		<b>414</b>

### 3.2.2. Landbruks-, natur- og friluftsområde

#### 3.2.2.1 LNF-spreidd bustad

Det er opna for 41 einingar i LNF-spreidd i denne planperioden. I førre planperiode blei om lag 21 einingar bygd, mens KPA 2011-2023 hadde ei opning for 65 einingar. Kommunen ynskjer å legge til rette for eit redusert tal i denne perioden. Tabell 6 viser LNF-spreidd bustadområda fordelt på skulekrins, og med omtale av tal einingar det vert opna opp for i planperioden. Merk at arealet for fleire av dei vidareførte LNF-spreidd bustad områda er redusert i høve til ustrekninga i KPA 2011.

Tabell 6 LNF-spreidd bustad i KPA 2019-2031

STAD	AREALST.	OMRÅDENAMN	TAL EININGAR I PLANPERIODEN (2019-2031)
<b>VIDAREFØRTE OG NYE OMRÅDER FOR LNF-SPREIDD BUSTAD I KPA 2019-2031</b>			
<b>LINDÅS SKULEKRINS</b>			
Hundvin	1: Nåværende	LSB 1	3
Fjellsbø	1: Nåværende	LSB 17	4
<b>SEIM SKULEKRINS</b>			
Gardvik-Li	1: Nåværende	LSB 7	2
Eikeland	1: Nåværende	LSB 11	2
<b>LEKNES SKULEKRINS</b>			
Sandvik	1: Nåværende	LSB 8	2
<b>EIKANGER SKULEKRINS</b>			
Høyland	1: Nåværende	LSB 5	3
Eikanger	1: Nåværende	LSB 16	6
Eidsnes	1: Nåværende	LSB 12	2
<b>OSTEREIDET SKULEKRINS</b>			
Hindenes	1: Nåværende	LSB 2	2
Gangstø-Åsgard	1: Nåværende	LSB 3	2
Åsgard øst	1: Nåværende	LSB 15	2
Bjørge	1: Nåværende	LSB 6	1
Eknes	1: Nåværende	LSB 13	6
Eidatrædet	1: Nåværende	LSB 14	1
Romarheim	2: Framtidig	LSB 18	3
<b>SUM EININGAR OG AREAL</b>			<b>41</b>

Tabell 7 viser LNF-spreidd områder i KPA 2011-2023 som er tatt ut av planen. Deler av desse areala er bygd ut, og vert omfatta av opplistinga av bebygde eigedomar i LNF, med opning for mindre tiltak utan krav til dispensasjon (som vist i føresegn 3.4.7).

Tabell 7 LNF-spreidd bustad frå KPA 2011-2023 som er tatt ut av planen

OMRÅDE	BEGRUNNELSE
<b>LINDÅS SKULEKRINS</b>	
Erhaugane	Bebygde eigedomar er dekkja av opplistinga i føresegn 3.4.7. Utfordring med vegtilkomst og VA. Ligg i nærleiken av sikringssona for Storavatnet.
<b>MYKING SKULEKRINS</b>	
Vabø	Bebygde eiendommer er dekkja av opplistinga i føresegn 3.4.7. Regulert felt Vabø bustadfelt.
Myking	KPA 2011 opna for 8 bueiningar, 1 bygd ut. Bebygd eigedom er dekkja av opplistinga i føresegn 3.4.7. Ligg i nærleiken av regulerte bustadområder med ledig kapasitet.
Jordal	Ikkje bygd ut i planperioden.
<b>SEIM SKULEKRINS</b>	

Myksvoll	0 bygd ut, bustadområde i nærleiken med reguleringsplan under utarbeiding – Nedre Bergås.
<b>ALVERSUND SKULEKRINS</b>	
Fosse	Utfordring med veg, bratt terreng og kulturminne. Ligg i nærleiken til regulerte bustadområder. Bebygde eigedomar vert del av opplistinga i føresegn 3.4.7.
<b>LEKNES SKULEKRINS</b>	
Fyllingen nord	Landbruksomsyn. Ligg nært til Leknes. Utfordring med VA.
Fyllingen sør	Utfordring med vegtilkomst. Ligg nært til Leknes. Utfordring med VA.
<b>KLØVE SKULEKRINS</b>	
Fammestad sør	Ikke utvikling i planperioden. Ligg i nærleiken til regulert bustadområde Jydalen Fammestad.
Fammestad nord	Ikke utvikling i planperioden. Ligg i nærleiken til regulert bustadområde Jydalen Fammestad.
<b>OSTEREIDET SKULEKRINS</b>	
Veland/Rødland	Hovuddelen av dei bebygde eigedomane er dekkja av opplistinga i føresegn 3.4.7. Ikkje bygd nye einingar i planperioden. Regulert område på Sjurneset.
Stall	Bratt, rasområde, låg med 0 einingar i KPA 2011.
Askeland	Utfordring pga aksemdsområde for skred, vegtilkomst og VA. Bebygde eigedomar er delvis dekkja av opplistinga i føresegn 3.4.7. Ligg i nærleiken til Ostereidet.
Andås	0 av 0 – bratt. Bebygd eiendom del av opplistinga i føresegn 3.4.7.

### 3.2.2.2 LNF-spreidd næring

Kommuneplanen legg opp til 119 daa med nye areal til LNF-spreidd næring fordelt på 11 områder. For 2 av områda er det lagt ut fleire mindre areal for LNF-spreidd næring, slik at det samla talet på nye areal for LNF-spreidd næring er 18. Tabell 8 listar opp kva ulike typar av aktivitet planen opnar opp for på det enkelte område.

Tabell 8 LNF-spreidd næring

Plankart id	Område	Areal i daa (ca)	Føremål
LSN 2	Skotsund	7,7 daa	Areal for overskotsmasser til jordforbetringstiltak innan landbruket.
LSN 3	Spurkeland	9,2 daa	Næringsbygg knytt til veterinærtjenester, oppstalling av dyr og kennel med luftegard.
LSN 4	Spurkeland	Område A: 7,8 daa. Område B: 1 daa. Område C: 3 daa Område D: 0,3 daa. Område E: 1,3 daa. Område F: 2,8 daa.	Område A: Verkstad, hall, sagbruk og lager. Område B: Publikumsbygg Område C: Parkering, inkl. ny avkøyrsel. Område D: Publikumsbygg. Område E: Publikumsbygg (eksisterande driftsbygning) Område F: Kai
LSN 5	Sellevoll	4 daa	Kunst- og kulturverksemd, utescene.
LSN 7	Åse	Område A: 3,2 daa. Område B: 8,8 daa. Område C: 12,4 daa	Område A: Gardsturisme, servering, matforedling, og sagbruk. Område B: Driftsbygning og hestesenter, med stall og utstyrsbutikk. Område C: Hundesenter.
LSN 8	Høyland	23,7 daa	Areal for overskotsmasser til jordforbetringstiltak innan landbruket.
LSN 9	Storneset	24,8 daa	Areal for overskotsmasser til jordforbetringstiltak innan landbruket.
LSN 10	Bjørgo	1,1 daa	Forsamlingslokale, servering.
LSN 11	Eidevågen	1,5 daa	Vinterlagring av båtar, oppstrekksplass for båtar, kai og naust.
LSN 12	Askeland	4,6 daa	Næringsbygg knytt til «Inn på tunet», gardsturisme, lokalmatproduksjon, lager, gardsbutikk, maks 4 enkle utleiehytter.
LSN 15	Molvik	0,16 daa	Bygg (sag) for foredling av tømmer.

### 3.2.2.3 Eigedom med status som LNF-spreidd

Eksisterande bygde eigedomar med bustad og fritidsbustad som er lista opp i vedlegg til føresegna har status som LNF-spreidd bustad og fritidsbustad (sjå kap. 3.4.7 i føresegna).

### 3.2.3. Friområde

Naustområde AN2 (0. 6daa) i KPA 2011-2023, på Fisketangen (Seim), ligg i statleg sikra friluftsområde. Planen endrar naustområde tilbake til friområde, i tråd med Miljødirektoratet sine føringar for forvaltning av statleg sikre friluftsområder.

### 3.3. OMSYNSSONE MED RETNINGSLINER

I arealdelen av kommuneplanen er det lagt inn omsynssoner for fleire tema i samsvar med plan- og bygningslova § 11-8.

#### 3.3.1. Sikringssone drikkevatn (H110)

Gjeld sone som er sett av som sikringssone for nedslagsfelt drikkevatn etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav a.

Storavatnet er Lindås kommune sin hovudvasskjelde som forsyner heile Lindås og Austrheim kommune med drikkevatn. Frå 2018 vart det teke i bruk eit nytt vassbehandlingsanlegg på Litlås med uttak av råvatn frå Sjursetvatn og industrivassforsyninga for å betra sikkerheita og kapasiteten i nord. Vassforsyninga i Lindås er styrka dei siste åra ved at fleire mindre vassverk er lagt ned og distribusjonssystemet er bygd saman til eit felles leidningsnett forsynt med drikkevatn frå Storavatnet vassverk (1982) i sør og Litlås (2018) i nord. Storavatnet står normalt for størstedelen av produksjonen, men Litlås er bygd for å kunne overta leveranse frå Storavatn ved behov, og då spesielt i den nordre delen av kommunen. Sjauset vassverk (2013) er reservevassverk i sør og vert sett i drift ved behov. I tillegg til hovudforsyningssystemet har kommunen eit mindre grunnvassverk på Vike som forsyner Vike og Vikanes. Vasskvaliteten ved vassverka er generelt god og tilfredsstillende drikkevassforskrifta sine kvalitetskrav. Vassforsyninga har eit godt utbygd og sikra system for driftsovervaking, skallsikring av anlegg og gode driftsrutinar.

#### 3.3.2. Støysoner (H200)

Gjeld areal som er vist med støysoner etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav a. Støysoner er utarbeida av Statens vegvesen.

#### 3.3.3. Faresone ras- og skredfare (H310)

Sone sett av som faresone ras- og skredfare etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav a. H310 vert vist som omsynssone i plankartet<sup>8</sup>. I plankartet er rasområder i eller nært til etablert busetnad eller utbyggingsområder tatt med. Omsynssoner for lausneområde og utlaupsområde er slått saman til ei felles omsynssone.

#### 3.3.4. Faresone brann- og eksplosjonsfare (H350)

Gjeld areal som er vist med faresone brann- og eksplosjonsfare etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav a.

INFORMASJON	OMSYNSSONE
Rydlandsvågen	H350_f2
Eidsnes	H350_f3

<sup>8</sup> Kjelde NVE (utarbeida av NGU).



### 3.3.5. Omsynssone landbruk (H510)

Areal som er sett av til sone med særlege omsyn til landbruk etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c. Sona omfattar område med særskilde landbruksinteresser i pressområde. Landbruk skal ha særskilt vern innafor sona, og skal takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innafor områda.

Kjerneområde landbruk er kartlagt i arealdelen til kommuneplanen 2011. Kjerneområda representerer dei mest verdifulle landbruksareala i Lindås, både med omsyn til dyrka mark og kulturlandskap. Kjerneområda er kartlagde ut frå:

- Større samanhengande jordbruksareal
- Driftsomfang (søknader om produksjonstilskot i jordbruket)
- Kulturlandskap

Areal som er omfatta av kjerneområde landbruk har fått omsynssone landbruk.

I KPA 2019-2031 er det gjennomført mindre justeringar av omsynssone landbruk. Tabell 9 gjev ein oversikt over omsynssone landbruk. Det er lagt til 5 nye areal med omsynssone landbruk. I tillegg er nokre av dei eksisterande omsynssonene endra i storleik. Ny vurdering av omsynssona har sett på følgjande element:

- Driftsomfang i notid og overskueleg framtid. Det er vurdert som særleg viktig å sikre jordbruksareala og driftsgrunnlaget for aktive produsentar, som har investert i driftsbygning på garden.
- Gjeldande planar og planar under arbeid; områder som er tatt i bruk til utbygging, eller er i ferd med å bli tatt i bruk til utbygging, er tatt ut.

Tabell 9 Omsynssone landbruk

STAD	INFORMASJON	OMSYNSSONE
KOLÅS	660 dekar jordbruksareal. Halvt om halvt myrjord og fastmark. Stort driftsomfang.	oL1
FANEUST	1080 daa jordbruksareal. Halvt om halvt myrjord og fastmark. Stort driftsomfang på 2 store bruk.	oL2
FJELLANGER	1000 daa jordbruksareal (+ 300 daa i kommunedelplan Lindåsosane). Kulturlandskap.	oL3
FJELLESENDE	500 daa. Halvt om halvt myrjord og fastmark.	oL4
NATÅS	810 daa. Vesentleg kulturlandskap.	oL5
SKAUGE	1100 daa. Mykje myrjord. Aktiv drift og stort driftsomfang på 3 store bruk.	oL6
MYKING	1570 daa. Halvt om halvt myrjord og fastmark. Mykje kulturlandskap. Mest sauehald.	oL7
DALSGREND	835 daa. Halvt om halvt myrjord og fastmark. For tida ikkje særleg intensiv drift.	oL8
FAMMESTAD - TVEITEGREND	2700 daa gode jordbruksareal. Kulturlandskap, spesielt Tveito. 1 bruk med storfedrift og stort driftsomfang. Elles mindre einingar med sauehald.	oL9
SKODVIN	1070 daa gode jordbruksareal.. Kulturlandskap. Halvt om halvt myrjord og fastmark. Storfe og sau.	oL10
HUNDVIN	780 daa (i denne planen). Vesentleg fastmark.	oL11
GRIMSTAD - VIK	1200 daa. Fastmark. Kulturlandskap, spesielt Grimstad. Vesentleg	oL12

	sauehald og litt storfehald.	
LEIVESTAD	780 daa Myrjord.	oL13
TORSHEIM	570 daa. Vesentleg fastmark. Forholdsvi aktiv drift.	oL14
KÅLÅS	425 daa. Halvt om halvt myrjord og fastmark.	oL15
HEGGERTVEIT - HEGGERNES	630 daa. Mykje myrjord	oL16
EIKANGER - HØYLAND	2400 daa. God drift på store delar av området. Viktig som jordbruks- og kulturlandskap.	oL17
HJELMÅS - FYLLINGEN	640 daa. Stort sett kulturlandskap.	oL18
EIDSNES	760 daa. Stort sett berre fastmark. Forholdsvi aktiv drift. Hovudsakleg sauehald.	oL19
EIDSHEIM	630 daa. Kulturlandskap. Halvt om halvt myrjord og fastmark.	oL20
BJØRGE	350 daa. Stort sett fastmark. Kulturlandskap.	oL21
TOTLAND – OSTEREIDET	1770 daa. Fastmark. Aktiv drift. Flott kulturlandskap.	oL22
EIDATRÆET	311 daa.	oL23
STORSETH	240 daa. Kulturlandskap.	oL24
VELAND	340 daa. Kulturlandskap.	oL25
DYRDAL	250 daa. Kulturlandskap. Kjend for lokalmat.	oL26
ROMARHEIM	540 daa. Fastmark. Aktiv drift.	oL27
HODNESDAL	990 daa. Fastmark.	oL28
HOPSDAL - MUNDAL	820 daa. Fastmark og spesielt kulturlandskap.	oL29
ÅSE – SEIM - NESSE	9900 daa meir eller mindre samanhengande jordbruksareal. Det største i Lindås. Vesentleg fastmark. Mange aktive bruk. Utsett for utbyggingspress.	oL30
FOSE - SELLEVOLL	670 daa. Fastmark og kulturlandskap. Eit par relativt aktive bruk.	oL32
ELSÅS	930 daa kulturlandskap.	oL33
LITLESKARE - MYKSVOLL	4900 daa. Fastmark. Kulturlandskap. For tida moderat drift av gardane.	oL34
FESTE-BERGFJORD	1520 daa. Kulturlandskap. Vesentleg fastmark.	oL35
SYSLAK - KÅRDAL	760 daa. Mykje myrjord. Kulturlandskap	oL36
SKOTSUND	360 daa. Aktiv drift.	oL37
LANGENES	220 daa. Aktiv og omfattande drift.	oL38
MOLVIK	230 daa. Kulturlandskap. Produksjon av frukt og bær i tillegg til sauehald.	oL39
GAMLESETRA	75 daa. Kulturlandskap langs E39.	oL40
STUSSDAL	60 daa. Kulturlandskap.	oL41

### 3.3.6. Omsynssone friluftsliv (H530)

Lindås kommune har, i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF), gjennomført prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i perioden 2015-2017. Kartlegginga følger Miljødirektoratet sin rettleiar, M98-2013. Kartlegginga er ei oppfølging av nasjonale mål om at alle kommunane i Noreg skal ha kartlagt og verdsatt sine viktigaste areal for friluftsliv innan 2018.

Sona omfattar område med som er sett av til sone med særleg omsyn til friluftsliv, etter Pbl. § 11-8 c. Område som er verdisatt til A-Svært viktig friluftsområde og B-Viktig friluftsområde i omtalt kartlegging, er inkludert i sona<sup>9</sup>.

Tabell 10 Omsynssone friluftsliv

STAD	OMSYNSSONE
Dyrkolbotn	H530_oF01
Stusdalen-Kalvedalshytta	H530_oF02
Austlendingen-Husafjellet-Hemingsfjellet	H530_oF03
Hindenesfjorden nord	H530_oF04
Hindenesfjorden sør	H530_oF05
Hjelmåsvågen-Eikangervågen-Eknes	H530_oF06
Gladihaug	H530_oF07
Isdal-Gjervik	H530_oF08
Fossavatna-Tveitavarden	H530_oF09
Tveitavatnet-Vikavatnet-Storavatnet	H530_oF10
Kolåsfjellet	H530_oF11
Erstadjellet	H530_oF12
Totlandsåsen	H530_oF13
Skausnøyeni-Fjellsbø-Selifjellet	H530_oF14
Baståsen	H530_oF15
Festevatnet-Berfjordfjellet	H530_oF16
Hjelmåsvatnet-Litlavatnet	H530_oF17

<sup>9</sup> Sjå vedlegg Rapport - Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde 2015-2017 – Lindås kommune –10. mai 2017 for meir informasjon om gjennomført kartlegging og verdsetting.

### 3.3.7. Omsynssone naturmiljø (H560)

Sone sett av for bevaring av naturmiljø etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c. Omsynssone H560 vert vist som omsynssone i plankartet<sup>10</sup>.

Tabell 11 viser omsynssonene for bevaring av naturmiljø (H560). Nye omsynssoner manglar informasjon om kva omsyn sona gjeld for. All informasjon er tilgjengeleg på Miljødirektoratet sine nettsider<sup>11</sup>. For å redusere tal rader i tabellen er omsynssoner med same informasjon slått saman til ein rad.

Tabell 11 Omsynssone for bevaring av Naturmiljø (H560)

INFORMASJON	OMSYNSSONE
	H560_oN01
A Naturbeitemark	H560_oN02
B 23	H560_oN03
Yngleplass oter	H560_oN04
	H560_oN05
	H560_oN06
B 47	H560_oN07
	H560_oN08
A 10	H560_oN09
B Naturbeitemark	H560_oN10
Trekkvei hjort	Frå H560_oN100 til H560_oN110
	H560_oN11
Vinterområde andefugler	H560_oN111
Yngle- og rasteområde ande-/spurvefugler	Frå H560_oN112 til H560_oN114
Yngleområde Div	H560_oN115
Yngleområde enkeltbekkasin	H560_oN116
Yngleområde Fiskemåke	H560_oN117
	H560_oN118
Yngleområde måse/terne	H560_oN119
A 33	H560_oN12
	H560_oN120
Yngleområde måsefugler	H560_oN121
Yngleområde sjøfugl	Frå H560_oN122 til H560_oN127
Yngleområde smålom	H560_oN128
Yngleområde spettefugler	H560_oN129
	H560_oN13
	H560_oN130
Yngleområde storlom	H560_oN131
	H560_oN132
Yngleområde storspove	H560_oN133
Yngleområde Svartbak	H560_oN134
Yngleområde terne	H560_oN135
	H560_oN136
Yngleområde vipe	H560_oN137
	Frå H560_oN138 til H560_oN199

<sup>10</sup> Kjelde; Direktoratet for naturforvaltning og Fylkesmannen i Vestland.

<sup>11</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/verktoy/naturbase/>.

	H560_oN139
	H560_oN14
A 32	H560_oN15
A 40	H560_oN16
A 43	H560_oN17
	H560_oN18
	H560_oN19
B Naturbeitemark	H560_oN20
	Frå H560_oN200 til H560_oN215
	H560_oN21
A 27	H560_oN216
B Naturbeitemark	Frå H560_oN22 til H560_oN24
	Frå H560_oN25 til H560_oN29
B 46	H560_oN30
	H560_oN31
B 50	H560_oN32
B 51	H560_oN33
B 52	H560_oN34
B 53	H560_oN35
	H560_oN36
B 54	H560_oN37
B 54	H560_oN38
B 55	H560_oN39
B 62	H560_oN40
B 62	H560_oN41
B 69	H560_oN42
B 81	H560_oN43
B 81	H560_oN44
B 94	H560_oN45
B 95	H560_oN46
B 96	H560_oN47
Beite-/yngleområde div	H560_oN48
Hekke-/rasteområde andefugler	H560_oN49
Hekkeområde andefugler	H560_oN50
Hekkeområde måsefugler	H560_oN51
Rasteområde andefugler	H560_oN52
Rasteområde andefugler	H560_oN53
Rasteområde vannrikse	H560_oN54
Rasteområde vannrikse	H560_oN55
Storfugl	Frå H560_oN56 til H560_oN77
Trekkvei hjort	Frå H560_oN78 til H560_oN99

### 3.3.8. Omsynssone kulturmiljø og kulturminner (H570)

Sone sett av for bevaring av kulturmiljø etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c. H560 vert vist som omsynssone i plankartet. Kjelde; Askeladden.

Tabell 12 er ein samla tabell for alle omsynssoner for bevaring av kulturmiljø, inkludert den Trondhjemske postvei og Indre farlei.

Tabell 12 Omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570)

INFORMASJON	OMSYNSSONE
Kulturmiljø Yre Fosse vest	H570_oK01
Kulturmiljø Fosse kai	H570_oK02
Kulturmiljø Bygdedyrreservat	H570_oK03
Kulturmiljø Ytre Fosse aust	H570_oK04
Kulturmiljø Bjørsvik	H570_oK05
Kulturmiljø Indre farlei	H570_oK06
Kulturmiljø Indre farlei	H570_oK07
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK08
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK09
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK10
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK11
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK12
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK13
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK14
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK15
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK16
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK17
Kulturmiljø Trondhjemske postveg	H570_oK18

#### 3.3.8.1 Omsynssone den Trondhjemske postvei

I 1647 ble det innført organisert postvesen i Norge, som kom under statleg kontroll i 1719. I 1786 vart det fastlagt ei postrute kvar veke mellom Trondheim og Bergen. Trondhjemske Postvei frå 1800 vart bygd etter dåtidas vegbyggingsprinsipp - det franske prinsipp, med rett og effektiv linjeføring, stukke ut av vegeningeniørar og bygd av lokale bønder.

Postvegen er ein kulturhistorisk veg som er omlag 700 km totalt, der 150 km er kryssing av fjordar og innsjøar. I Lindås kommune strekkjer den seg frå Isdalstø-Seim-Nese. Delar av traseen er restaurert og opparbeidd.

Traseen er lagt inn i kommunedelplanen og i arealdelen til kommuneplanen. Etter innspel frå Statens vegvesen er det lagt inn ei omsynssone på 10 meter frå kvar side av vegen målt frå kant av grøft. Omsynssona skal sikra at det ikkje vert gjort uheldige tiltak på postvegen.

Målet er at Den Trondhjemske postveg frå Isdalstø til Nese skal reetablerast og formidla historia i eit kulturhistorisk landskap, og kunne tilby eit rekreasjonsområde med ein fin tur- og sykkelveg.

### 3.3.8.2 Omsynssone Indre Farlei – kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA)

Noreg har slutta seg til den europeiske landskapskonvensjonen. Denne held fram at landskapet er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvaltning og vern. Konvensjonen oppmodar til å kartleggje og prioritere landskap, og kulturminneforvaltninga har eit særleg ansvar for å halde oversyn over kulturhistorisk verdifulle landskap. Med bakgrunn i dette starta riksantikvaren i 2013 eit forprosjekt for å etablere eit register over Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Hensikta med registeret er å gi kommunane eit verktøy for å ivareta viktige landskapsverdiar i sin planlegging. Registeret skal i følge Riksantikvaren bidra til å:

- få oversikt over landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse i alle landets fylker
- bidra til økt kunnskap og bevissthet om landskap i kommunar og relevante sektorar
- styrke kulturminneforvaltninga som aktør i forvaltning av landskap

Registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland vart utarbeida i 2016. Rapporten skildrar dei ni landskapa som er valde ut i Hordaland, og grunnleggjende utvelginga. Den gjev omtale av sårbarheit og retningslinjer for forvaltning. Eitt av landskapa ligg delvis i Lindås kommune, nemleg den indre farleia. Området totalt er på 196km<sup>2</sup>, og strekkjer seg frå Alversund til Kjelstraumen, og frå Hundvin i Lindås til nordvest om Mjøs på Radøy.


Området er av nasjonal interesse fordi den strategisk viktige indre farleia ligg i eit landskap med stor tidsdjupne og ein kontinuitet i landskapet, og at den har mange viktige kulturminne knytt til seg. Desse vitnar om ei lang historie med permanent busetnad og eit variert næringsgrunnlag. Gravrøyser, Kongsgarden på Seim, lyngheilandskapet på Lygra er framheva som særleg viktige, saman med at dette landskapet er eit av dei nasjonale kjerneområda for samanbygde hus og bruk av steinarkitektur. Dette bind den indre farleia kulturelt saman med andre område kring nordsjøen.

Rapporten si skildring av dette området sluttar av med å halde fram at «landskapet er sårbart for treplanting og attgroing, bruonstruksjonar over leia og høge konstruksjonar.» og anbefalar vidare at landskapet vert gjeven omsynssone *c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø*. Føresegn og retningslinjer bør formulere målsettinga for forvaltning og gje rammer for bruk.

Lindås kommune har følgd dette rådet, og planen inneheld difor ei ny omsynssone med tilhøyrande føresegn og retningslinjer<sup>12</sup>. Omsynssona er delt i to soner H570 Bevaring kulturmiljø fordi området i KPA vert delt av kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

---

<sup>12</sup> <https://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-KULA>



Figur 8 Avgrensing av omsynssone Indre Farlei i KPA (skravert område)

### 3.3.9. Bandleggingssone kommunedelplan for E 39 Flatøy-Eikefettunnelen (H710)

Bandleggingssone H710 (§ 11-8 d), på grunn av pågående arbeid med kommunedelplan for E 39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Statens vegvesen har definert sona basert på vedteke planprogram for KDP E39 (vedteke 19. september 2017). Sona gjeld areal både i arealdelen til kommuneplanen og kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen, og er delt i dagsone og tunnelsona. I dagsona kan framtidig E39 liggje oppe i dagen, eller nær tunnelinnslag.


I området mellom bruinnslag i Knarvik, samt Alversund, og fram til Hodnesdal/Haukåsen skal ulike alternative trasear for E 39 vurderast (alternativ felles trase E39/Fv. 57 og alternativ sør, mot Gjervik). Frå Hodnesdal/Haukåsen til innslag Eikefettunnelen er det ei dagsone kor framtidig trasé skal fastsettast.

I kommuneplanen er det opna for mindre endringar i arealføremål innanfor bandleggingssona. Nokre innspel er i konsekvensutgreiinga vurdert å vere i så stor grad råka av arbeidet med KDP E39, at ein har tilrådd å avvente eventuell arealendring til traseen er fasttatt.

Endringar i arealføremål innanfor sona trer ikkje i kraft før kommunedelplan for E 39, Flatøy-Eikefettunnelen, er vedtatt. Areal som ikkje vert råka av ny E39, vil då vere klar for detaljregulering og utbygging. Areal som vert råka av ny E 39 vil inngå i ein reguleringsplan, og bli omfatta av eit bygge- og deleforbod.

Figur 9 viser avgrensinga av bandleggingssona.





Figur 9 Avgrensing av bandleggingssone KDP E39

### 3.3.10. Bandleggingssone naturvern (H720)

Gjeld areal som er bandlagt etter vedtak etter anna lov, jf. plan- og bygningslova § 11-8 bokstav d. Tabell 13 viser kva områder som er bandleggingssone for naturvern.

Tabell 13 Bandleggingssone naturvern (H720)

INFORMASJON	OMSYNSSONE
Natås	H720_bN1
Fossevatna	H720_bN2
Vollom	H720_bN3
Grøningane	H720_bN4
Ådnøy	H720_bN5
Eidsnes indre naturminne	H720_bN6
Heltveit-Bjørge	H720_bN7

### 3.3.11. Bandleggingszone kulturminne (H730)

Gjeld areal som er bandlagt etter vedtak etter anna lov, jf. plan- og bygningslova § 11-8 bokstav d.

Registrerte, automatiske freda kulturminne større enn 300 m<sup>2</sup> er merka i plankartet med omsynssone H730, inkludert ei sikringszone på 5 m. Registrerte, automatisk freda kulturminne under 300m<sup>2</sup> er merka med rune-R. Områda er bandlagt etter lov om kulturminne. Meir informasjon finn ein i kulturminnedatabasen Askeladden.

### 3.3.12. Bandleggingszone andre omsyn (H740)

Gjeld areal som er bandlagt etter vedtak etter anna lov, jf. plan- og bygningslova § 11-8 bokstav d.

Tabell 14 viser bandleggingszone andre omsyn.

Tabell 14 Bandleggingszone andre omsyn (H740)

STAD	INFORMASJON	OMSYNSSONE
Høgspenningsanlegg	Høgspenningsanlegg markerer bandlagd sone langs høgspenteleidingar og andre anlegg i transmisjonsnettet.  Det må ikkje setjast i verk tiltak under eller nært høgspenningsleidingar eller anlegg som er i strid med Forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Ved gjennomføring av bygging, graving, utfylling, sprenging eller andre tiltak må det ligga føre samtykke frå anleggseigar.	H740_3
Eikefettvassdraget	Nedbørsfelt Eikefettvassdraget – verna vassdrag, verneplan	H740_bV1
Godbotsvatnet	Bandlagt jamfør vassdragsreguleringslova	H740_2

### 3.3.13. Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan H910

Gjeld område der eksisterande reguleringsplan framleis skal gjelde, jf. plan- og bygningslova § 11-8 bokstav f. Sona omfattar utelukkande reguleringsplanar som i sin heilskap kan vidareførast.

Reguleringsplanen som må supplerast med mindre eller større endringar, vert lagt som føresegningsområde, sjå kap. 3.3.14.

I arbeidet med planen er det gjort konkrete vurderingar av dei reguleringsplanane som er vidareført uendra og som er lagt inn som omsynssone H910.

Dei planane som er lagt inn er vegplanar og i hovudsak reguleringsplanar vedteke etter plan- og bygningslova frå 2008. Gjennomgangen av reguleringsplanane har hatt fokus på byggeforbodet i strandsona. I desse planane er strandsonomsynet sikra i dei gjeldande planane. Vidare er det vurdert at planane ikkje strider mot nasjonale og regionale interesser og derfor kan vidareførast uendra.

Når det gjeld planar som ikkje er vidareført uendra, er dei vist i planen med føresegningsområde. Desse planane går fram av plankartet med omsynssone. Visualiseringa av desse planane med bruk av føresegningsområde i kartet vil forenkla sakshandsaming og gje betre oversikt over plangrunnlaget for utbyggarar/innbyggarar ved utarbeiding av søknad. For desse planane er det lagt inn ny byggegrense mot sjø i kommuneplanen basert på prinsippa slik det går fram av planskildringa. Her vil føresegnene i kommuneplanen supplere reguleringsplanane der reguleringsplanen ikkje har føresegner om same tema, jf. pbl § 1-5.

Tabell 15 Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan H910

NAMN PÅ OMSYNSSONE	PLANNAMN
H910_01101985	Apalbakken. Del avgr.108 b.nr.2
H910-13061996	Apalbakken endring Utvida planområde
H910-200809	Apalan sør
H910-201408	Bergåsstranda Naustområde, Myksvoll
H910-201401	Bjørnestø Småbåthamn
H910-200704	Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS
H910-201509	Dalane, Lindås
H910-201801	E39 Mundalsberget bomstasjon gnr 193/1-5, 194/1-5 og 194/44
H910-201114	Eikanger næringsområde
H910-201203	Eikefet - Romarheim - E39
H910-201511	Eikhovden
H910-201009	Fløsvika bustadfelt
H910-201205	Fonnest småbåthamn gnr. 106 bnr. 12 m.fl.
H910-201516	Fonnestvegen
H910-200102	FV.395 Bjørndal-Hindenes, Parsell Vatselle
H910-201410	Hellesneset næringsområde
H910-201409	Hillesvåg bustadområde
H910-201513	Hosøyvegen småbåthamn
H910-201510	Jydalen, Fammestad
H910-201606	Langøy-Ospeneset akvakulturområde
H910-201101	Nilshøyen
H910-201112	Reguleringsplan FV 404
H910-201501	Sjursneset
H910-201514	Sjøvold
H910-26102006	Vabø bustadfelt, gnr.102 bnr.8,50 og 66
H910-24061993	Vegparsell Romarheim - Mo
H910-201502	Åsgard småbåthamn, gnr. 22, bnr. 6, 16, 17 m.fl.

### 3.3.14. Føresegningsområde

Reguleringsplanar som skal supplerast med tillegg til føresegna frå arealdelen til kommuneplanen, er lagt som føresegningsområde i plankartet. I slike område vil eldre reguleringsplanar gjelde med suppleringar/endringar av kommuneplanen sine føresegner der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet. I hovudsak gjeld dette for reguleringsplanar av eldre dato, som har behov for endring og supplerings av føresegnene. Nødvendige supplerings er til dømes fastsetting av byggegrense mot sjø og utnyttingsgrad.

For byggegrense mot sjø i reguleringsplanar som ligg som føresegningsområde, så er det for dei fleste områda lagt inn ny byggegrense i kartet. Fastsetting av byggegrense mot sjø i reguleringsplanar er gjennomført etter følgjande prinsipp:

- Eksisterande bygningar – byggegrensa er lagt i fasade mot sjø, slik at utviding/endring ikkje kjem nærare sjø enn eksisterande bygg.
- Konkrete vurderingar basert på nærleik til sjø og verknad for strandsona. Dette gjeld både for ubygde eigedommar og for eksisterande bygde eigedommar i reguleringsplanane.

Metodikken følgjer opp dei vurderingane som ligg til grunn for strandsonopolitikken i arealdelen til kommuneplanen og er ei vidareføring av gjennomført kartlegging av funksjonell strandsona.

For nokre områder er to reguleringsplanar slått saman til eit føresegningsområde. I dei tilfella inneheld namnet på føresegningsområde planid for begge planane.

Tabell 16 Føresegningsområde

NAMN PÅ FØRESEGNINGSOMRÅDE	PLANNAMN
#1	LNF-spreidd naust
#2-22071974-08101976	Kolås II og Kolås III
#3-22032001	Lindås prestegard. Del av gnr. 108 bnr. 1
#4	LNF-spreidd naust
#5	LNF-spreidd naust
#6	LNF-spreidd naust
#7	LNF-spreidd naust
#8	LNF-spreidd naust
#9	LNF-spreidd naust
#10	LNF-spreidd naust
#11	LNF-spreidd naust
#12	LNF-spreidd naust
#13	LNF-spreidd naust
#14	LNF-spreidd naust
#15	LNF-spreidd naust
#16	LNF-spreidd naust
#17	LNF-spreidd naust
#18	LNF-spreidd naust
#19	LNF-spreidd naust
#20	LNF-spreidd naust
#21-199001	Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad

#22-14122000	Fanebust trailbane. Del av gnr. 106 bnr. 105 m.fl.
#23-07011971-201108	Vabø Disp. plan Del av gnr.102 bnr. 6 og Tangane
#24-15101979	Hodne Myking Aust
#25-200601	Rv 57 Konglevoll
#26-201308	Bruvoll camping
#27-01031985	Langenes
#28-22062000	Bergfjord Campingplass
#29-07021985	Buskeneset
#30-200605	Nordre Feste
#31-200907	Bergfjord utbyggingsplan
#32-20061969	Toftingneset Disp.plan. Del av gnr 62 bnr 3
#33-201508	Nesfossen nærings- og industriområde
#34-201306	Kjevikdalen fyllplass, utviding
#36-30112006	Skarsvåg
#37-200103	Solbakken utbyggingsplan
#38-200705	Sigvard Hopland Gnr.172 bnr.4
#38-200501	Lars Hopland del av gnr 172 bnr 6
#40-200104	Seim kyrkjegard og Håkonshaugen Amfi
#41-200812	Barnehage Seim gnr. 172 bnr. 4
#42-05111979	Risåsen
#43-201007	Seim Skule med utbetring av FV 402
#44-200401	RV 57 Espeland-Herland
#47-21031975-200801	Kløve bustadfelt del av 24/1 og Kløve utviding (Sveene)
#48-200201	Sauvågen naustmiljø Gnr. 203 bnr. 1 og 2
#49-19032007	Helleåsen Bustadområde
#50-200702	Myrstad
#51-19022007	Hellesneset G.nr.202 B.nr.26
#52-200906-15122005	Midtgård/Leknes Gnr.196 Bnr.4
#53-13022002-200814	Storneset Aust/Leknes - del av gnr. 195 og Leknes del av 195/4
#54-201008	Leiknes skule
#55-201211	Leiknes Barnehage
#56-200204	Mundal nedre. Del av gnr. 194 bnr. 5
#57-20052002	Leiknes vest - bustadfelt
#58-200814	Larsholmen gnr. 203 bnr. 9 - Fyllingen
#59-199601	Rv. 1 Vikane-Eikangervåg
#60-17022006-200807	Fyllingsnes, gnr.214 bnr.4,5,7 m.fl. og Stemmemyra gnr. 214, del av bnr.1-8 og 17
#61-20101976	Storneset strandplan del av Fyllingsnes
#62-197901	Øynæ naustområde naust
#62-197901	Øyne bustadområde
#64-24062004	Vahaugen (gnr. 212 bnr. 7 og 102 Eikanger øvre)
#65-201115	Eidsnes næringsområde
#66-200001	Eidsnes Indre utbyggingsplan gnr 244 bnr 6
#67-02051996	Eknes Industri og kaiområde
#68-15041999	Eknes Ytre del av G.nr.239 B.nr.2 m.fl
#69-200101	Ostereidet Senter-Kisthaugane utviding
#70-07011985	Ostereidet B4
#71-13061991	Hosøy G.nr.11 B.nr.21 og 80
#72-201107	Eikefet og Urdal, råstoffutvinning og industriområde
#73-16101978	Vike. Del av gnr.219 bnr.1

#74-200910	Skinstø
#75-11062003	E-39 Gamleseter - Nipetjønn
#76-01071981	Eiterdalen Del av G.nr.284 B.nr.1
#77-13081997	Hellebrekka Myking
#78-15021979	Eknes Del av g.nr 239
#79-23091999	Dyrhovden.
#80-19871308	Grønfjellet. Del av g.nr. 108 B.nr.22 og 64
#81-197601	Fanebust Terrasse Krossleitet
#82-08061972	Kolås I
#83-200909	Sundsbakken
#84-01072007	Kløve Nord

### 3.4. BYGGEGRENSE MOT SJØ OG VASSDRAG OG FUNKSJONELL STRANDSONE

Kommuneplan for Lindås 2019-2031 vidarefører i all hovudsak byggegrensa mot sjø og den funksjonelle strandsona som vart fastsatt i kommuneplan 2011-2023, basert på Kartlegging av funksjonell strandsona og dokumentasjon av byggegrensa mot sjø datert 28.08.2011.

Strandsona til sjø er avgrensa av ei dele- og byggegrensa som er vist i kommuneplankartet. Denne erstattar den generelle forbodssona på 100 meter i pbl. § 1-8. For reguleringsplanar lista opp i tabellen under skal følgjande byggegrensa mot sjø leggest til grunn:

Tabell 17 Byggegrense mot sjø og vassdrag

# FØRESEGNINGS-OMRÅDE	PLANNAMN OG PLANID	OMRÅDE
27	Langenes, 1263-01031985	For naustrekke 1-4 og hyttetomt 1-3 i føremålsgrensa i reguleringsplanen
29	Buskeneset, 1263-07021985	I føremålsgrensa for hytter og naust
33	Nesfossen, 1263-201508	I føremålsgrensa for område VAS1 og VAS2
34	Kjevikdalen fyllplass, 1263-201306	I føremålsgrensa for område BRE
54	Leiknes skule, 1263-201008	Føremålsgrensa for bustadområde
65	Eidsnes næringsområde, 1263-201115	I føremålsgrensa for hamn
72	Eikefet/Urda, 1263-201107	I føremålsgrensa for hamn anna byggeføremål

Den funksjonelle strandsona viser område som kommunen har vurdert som verdifulle landområde som står i direkte samspel med sjøen når det gjeld biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturmiljø. Den funksjonelle strandsona er fastsatt i områda langs Osterfjorden frå Mundal til Molvik samt på Hodneland. Ytterlegare kartlegging av den funksjonelle strandsona er ikkje gjennomført i KPA 2019-2031.

### 3.5. ENDRINGAR I FØRESEGN OG RETNINGSLINJER

Lindås kommune har utarbeidd føresegn og retningslinjer til kommuneplanens arealdel som skal vere mest mogleg konkrete og robuste. Dei skal vere gode verktøy i den kommunale forvaltninga, og publikum skal på ein enkel måte kunne sette seg inn i kva handlingsrom som gjeld for deira eigedom. Føresegn og retningslinjer er felles med kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen, med unntak av føresegn til konkrete områder.

### 3.6. KONSEKVENSGREIING OG RISIKO- OG SÅRBARHEITSAKSE

Det er gjennomført konsekvensutgreiing av 71 innspel. Alle innspel som er lagt inn i planen er og vurdert i ROS-analysen. Det er utarbeida supplerande ROS-analyse i prosessen, basert på endringar i plankartet etter 1. gongs handsaming og høyring av planforslaget. For arealendringar utan plankrav, er det gjennomført eit tillegg til ROS-analysen. Dei to ROS dokumenta er slått saman til eit felles dokument. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse er vedlegg til planskildringa.

#### 3.6.1. Konsekvensutgreiing

Metodikken for KU'en tek utgangspunkt Miljøverndepartementet si rettleiar T-1493, og er utført med utgangspunkt i nasjonale, regionale og lokale målsettingar og styringsdokument.

Kommuneplanen sin arealdel er ein overordna plan, og konsekvensutgreiinga skal, så langt råd er, byggjast på føreliggjande og allereie registrert kunnskap. Innsamling av ny kunnskap er avgrensa til det som trengs for vedtaksgrunnlag på eit overordna nivå. Ved ei seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, vil det kunne vere behov for å kartleggje ny kunnskap, dersom verknadene av det aktuelle tiltaket ikkje er tilstrekkeleg kjent.

Alle innspela er vurdert opp mot alternativ-0, som er dagens kommuneplan. Fleire innspel en dei som ender opp som sjølv planforslaget vert konsekvensutgreia. Det er to hovudårsaker til at ein innspel ikkje vert tilrådd vidareført;

1. Fordi konsekvensane på eit eller fleire av utredningstema gjer at ein ikkje kan tilrå at dei blir tatt med i rulleringa.
2. Ikkje i tråd med overordna føringar (samfunnsdelen, samt nasjonale/regional føringar).

Innspela er samla og omtalt områdevis, inndelt etter skulekrins. Kvar skulekrins vert innleia med eit oversynskart over alle innspela og ei skildring av området.

Forskrifta om konsekvensutgreiing *krev* at det i tillegg til ei vurdering av dei ein skilde innspela til planen, vert gjort ei framstilling av planen sine samla konsekvensar for samfunnet. Dette knyt seg til tre høve:

- Samla for dei ulike arealformåla
- Samla for dei ulike tema
- Samla opp mot samfunnsdelen og regionale/statlege føringar

#### 3.2.1.1 Vekting av konsekvensar

Konsekvensen er eit resultat av verdien ny arealbruk eventuelt er i konflikt med, og i kva grad/omfang ny arealbruk vil råka verdiområdet. Konsekvensutgreiinga skal ikkje berre syne verknadene tiltaket kan ha innanfor sjølv innspelsavgrensinga, men og for eventuelle verdiområde rundt (innspel kan ha eit influensområde som er vesentleg større enn innspelet i seg sjølv).

Verdisetting til eit tema for eit område er henta frå aktuelle datasett. Desse nyttar nasjonale standardar for verdisetting, som oftast følgjer ein A til C verdiskala (der A er høgast), eller ein inndeling med verdi av nasjonal, regional eller lokal interesse. Ein del tema har ikkje geografiske verdiområde og konsekvensvurderinga må gjerast i høve til korleis måla for temaet blir oppnådd. Konsekvensar ved ny arealbruk vert vurdert og sortert inn i ein tredelt skala.

GRØNN	Ingen vesentleg konflikt innanfor vurderingstemaet. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. Dette blir i så fall nemnt.
GUL	Mogleg konflikt som bør kontrollerast nærare ved detaljregulering, eller konflikt som vurderast som innanfor det akseptable, så lenge det ikkje er fleire vesentlege konfliktar knytt til innspelet.
RAUD	Tydeleg/sterk konflikt innanfor temaet. <i>Kan</i> åleine vere grunn til at innspelet ikkje vert tilrådd. Unntaket er om det finst fleire positive konsekvensar / sterkt behov for å likevel å tilrå tiltaket. Ved avbøtande tiltak eller arrondering av areal, kan konsekvensen verte endra.

### 3.2.1.2 Tema i konsekvensutgreiinga

Arbeidet med kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen går parallelt med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Tema for KU i planprogrammet til kommuneplanen og kommunedelplanen er ikkje identiske. For å sikre at desse to planane i størst mogleg grad har ein lik utforming er det utforma ein ny oversikt over tema for KU, som skal vere felles for dei to planane. Alle KU-tema, for begge planane, er framleis med, men det er gjort nokre endringar jamfør planprogramma, for å få ein felles mal.

Tabell 18 Oversikt KU-tema (felles med KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen)

	Tema
	Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram
Miljø	Forureining, klima og miljø
	Landbruk og jordressursar
	Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag
	Landskap
	Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv
	Klimatilpassing
	Strandsone
Samfunn	Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner
	Sosial infrastruktur
	Transportbehov
	Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA)
	Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit
	Folkehelse
	Barn og unge



### 3.6.2. Risiko- og sårbarhetsanalyse

Analysen følger retningslinjene i DSB sin rettleiar *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging* (ref. 1.4.8). I tillegg er hovudprinsippa i *NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger* (ref. 1.4.1) lagt til grunn.

Risiko er knytt til ikkje ynskja hendingar, det vil seia hendingar som i utgangspunktet ikkje skal inntreffa. Det er difor knytt usikkerheit til både om hendinga skjer (sannsyn) og omfanget (konsekvens) av hendinga dersom den skjer. Vurderinga av usikkerheit blir gjort basert på det kunnskapsgrunnlaget som blir lagt til grunn for ROS-analysen.

Det blir gjort merksam på at analysen for kommunedelplanen i utgangspunktet skal gjennomførast som ei overordna analyse som stansar ved sårbarhetsvurderinga. Det blir dermed ikkje utarbeida ein hendingsbasert risikoanalyse for dei innspelte områda. Bakgrunnen for dette er at analysen er utarbeida til ein plan på overordna nivå, og meir detaljerte vurderingar må utarbeidast ved seinare plan- og byggesaksfasar. Då vil også kunnskapsgrunnlaget om innhaldet i tiltaka vera større, slik at ein kan få ROS-analysar med eit høgare detaljnivå.

Denne overordna ROS-analysen til kommuneplanen for Lindås kommune har vurdert sårbarheit knytt til relevante farar innanfor planområdet. Det er ikkje garantert at alle det vil bli utarbeida reguleringsplanar for alle dei innspelte områda. I denne ROS-analysen har ein derfor prøvd å avklara alle faremoment og sårbarheiter så detaljert som mogleg basert på kommuneplannivået.

Det har blitt gjennomført ei innleiande fareidentifikasjon, kor følgjande farar stod fram som relevante:

- Skredfare
- Ustabil grunn
- Flaum i vassdrag
- Havnivåstigning, stormflod og bølgepåverknad
- Vind/ekstremnedbør
- Skog/lyngbrann
- Radonstråling
- Kjemikalieutslepp og annan forureining
- Transport av farleg gods
- Elektromagnetiske felt
- Trafikkforhold
- Drikkevasskjelder
- Framkomst for utrykkingskøyretøy
- Sårbare objekt

Etter 1. gangs høyring av planen, er det utarbeida ein fullstendig risiko-og sårbarhetsanalyse for nye LNF-spreidd områder utan plankrav. Vedlagt ROS-analyse er ein samanstilling av begge dei to ROS-dokumenta som er utarbeida i arbeidet med planen.

Tabell 19 Oppsummering av ROS-analysen for arealdelen til kommuneplanen (inkluderer ikkje tillegg til ROS utarbeida etter 1. gangs høyring)

Fare	Innspel	Tiltak
Skred	LSN 1 VA 1 LSN 4 LSN 6 LSN 7 BAB 15 LSN 11 LSN 12 B 4 B 8 BAB 11 B 18	Det må setjast krav om at den reelle skredfaren skal utgreiast i samband med byggjesak eller seinare detaljregulering.
Ustabil grunn	BN 1 BAB 1 VA 1 LSN 3 LSN 4 BAB 2 BAB 5 BAB 7 BFT 1 LSN 5 BN 3 BN 4 BAB 8 BAB 9 BGU 1 BN 6 B 11 LSB 3 LSN 9 BAB 12 BOP 1 BAB 15 LSN 11 LSN 12 BAB 16 B 4 BAB 3 BAB 4 B 8 BAB 11 B 18 LSN 15	Gjeldande kartgrunnlag gir ikkje tilstrekkeleg informasjon til at ein kan fastsetta om det er førekomst av marin leire i grunnen eller ikkje. Ved seinare detaljreguleringsfasar eller ved byggesaksbehandling må det setjast krav til at det kan dokumenterast at områdestabiliteten blir bevart.
Flaum i vassdrag	LSN 1 VA 1 BAB 7 LSN 7 BAB 8 LSB 3 LSN 8	Den reelle flaumfaren må undersøkast ved seinare detaljreguleringsnivå eller som grunnlag for byggesaksbehandlinga.

	BAB 12 B 1 BAB 11 LSN 15	
Havnivåstigning, stormflod og bølgepåverknad	BAB 1 LSN 4 BAB 2 BAB 5 BAB 7 BAB 8 BAB 9 BAB 12 LSN 11 BAB 16 VA 1 BFT 1 BAB 3 BAB 4 BAB 11 LSN 15	Etter TEK17 §7-2 skal bygg med lite personopphald plasserast, dimensjonerast eller sikrast slik at største nominelle årlege sannsyn for stormflod ikkje overskrid ein 20-årsstormflod. Det blir føresett at TEK17 blir følgd ved byggjesak eller seinare plansak.
Skog- og lynnbrann	BN 1 BAB 1 LSN 1 VA 1 LSN 2 BAB 7 LSN 6 LSN 7 BN 3 BN 4 BGU 1 B 11 LSB 3 LSN 8 BAB 15 LSN 10 LSN 12 BOP 1 B 1 B 4 B 8 BAB 11 B 18	For område der det skal utarbeidast reguleringsplan må skog- og lynnbrann bli utgreia i ROS-analyse.  For andre område vil det vera viktig at ein i anleggsperioden tek omsyn til dei naturlege forholda og følgjer varsel for skogbrannfare.
Vind/ekstremnedbør	Alle innspel	For område som skal ha reguleringsplan må handtering av overvatn utgreiast i ROS-analysen. Elles set TEK17 krav til handtering av overvatn for dei einskilde bygga.
Radonstråling	VA 1 LSN 4 BFT 1 LSN 6 LSB 3 BOP 1 LSN 10 LSN 12	Tiltak i samsvar med TEK17 §13-5 må gjerast for alle nybygg der det skal vera rom for varig opphald. Ut frå tidlegare målingar i Lindås kommune er det lite som tilseier at den reelle radonstrålinga vil overskrida grenseverdiane.

	<p>LSN 5                  B 11                  B 1                  B 4                  B 8                  B 18                  LSN 15</p>	
Brann/eksplosjon ved industrianlegg	<p>BAB 16                  LSN 15</p>	<p>Det blir føresett at sagbruket på LSN 15 følgjer regelverk, slik at det ikkje blir nødvendig med avbøtande tiltak.</p>
Kjemikalieutslepp og anna forureining	<p>BN 3                  BAB 1                  BAB 2                  BAB 5                  BAB 7                  BAB 8                  BAB 9                  BAB 12                  BAB 15                  BAB 16                  BFT 1                  LSN 2                  LSN 8                  LSN 9                  LSN 11                  VA 1                  BAB 3                  BAB 4                  BAB 11                  LSN 15</p>	<p>I seinare byggjesak eller detaljregulering bør det undersøkast nærmare kor stort omfanget av forureininga kan bli.</p> <p>Det må setjast krav til at tilførte massar til jordbruksjord ikkje skal vera forureina.</p> <p>Området VA 1 er omfatta av eigen reguleringsplan, og det blir føresett at forureining blir utgreia vidare der.</p>
Transport av farleg gods	<p>BN 3                  BOP 1                  VA 1                  LSN 7                  B 1                  B 8                  B 18</p>	<p>Risikoen ved ei ulukke for BN 3 vil sannsynlegvis ikkje vera uakseptabelt høg, og det vil ikkje vera nødvendig med tiltak.</p> <p>Ved utarbeiding av reguleringsplan for BOP 1, VA 1, B 1, B 8 og B 18 må det gjerast ei meir detaljert vurdering av fara.</p> <p>Det tilråddast at det blir gjort ei risikoanalyse av fara for LSN 7 før tiltaka blir sett i gong.</p>
Elektromagnetisk felt	<p>LSN 3                  LSN 4                  LSN 7                  BN 6                  BOP 1                  LSN 12</p>	<p>Ingen av innspela er plasserte slik at det ikkje vil vera mogleg å føra opp bygg i ein forsvarleg avstand frå høgspenlinjene. Ved seinare planfase eller byggjesaksbehandling må det dokumenterast at bygg med rom for varig opphald har elektromagnetisk stråling under grenseverdiane.</p>

Trafikkforhold	BFT 1 LSN 7 BGU 1 BN 6 B 1 B 18	<p>Det blir føresett at det må lagast reguleringsplan for BFT 1 og B 18. Vegtilkomsten og løysingar for mjuke trafikantar må utgreiast vidare der.</p> <p>Det er usikker kor mykje me i trafikk LSN 7 vil generera. Det bør gjerast ei nærmare vurdering om vegen er tilstrekkeleg.</p> <p>BGU 1, BN 6 og B 1 ligg i gul støysone, og det må ved byggjesak/plansak dokumenterast at tiltaka er i tråd med retningslinje T-1442 og eventuelt gjerast støyreducerande tiltak.</p>
Drikkevasskjelder	BN 1 BFT 1 BN 3 BN 4	<p>For å unngå forureining til vasskjeldene (private grunnvassborehol) rundt BN 1, BN 3 og BN 4 må ved plassering av verksemdar gjerast ei vurdering av faren for forureining.</p> <p>Ved utviding av campingplassen på BFT 1 blir det føresett at ein tek omsyn til grunnvassboreholet.</p>
Framkomst for utrykkingskøyretøy	BAB 7 BFT 1 LSN 11 B 4 BAB 3 BAB 4 BAB 11 LSN 15 BAB 16	<p>Tilkomsten ned til BAB 7 må vurderast nærmare i detaljreguleringsplan.</p> <p>Det blir føresett at det må lagast reguleringsplan for BFT 1. Framkomst for utrykkingskøyretøy må vurderast nærmare der.</p> <p>Tilkomsten til LSN 11, B 4, BAB 3, BAB 4, BAB 11 og BAB 16 må vurderast ved seinare byggjefase eller detaljregulering.</p> <p>Tilkomsten til LSN 15 (eksisterande sagbruk) bør betrast/dokumenterast at er tilstrekkeleg uavhengig om det blir utarbeida reguleringsplan for BAB 16 eller ikkje.</p>

På dette plannivået, med det kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg, er det ikkje blitt avdekka farar som tilseier at ein bør råda frå nokre av dei innspelte områda. Dette er gitt at identifiserte tiltak for dei einskilde områda blir følgde opp i seinare reguleringsplanarbeid og/eller byggesaksbehandling. Sjå vedlagt ROS for fullstendig oversikt over funn i ROS-analyse som er relevant for kvart enkelt byggeområde.

### **3.7. TILHØVET TIL ANDRE PLANAR, RAMMER OG RETNINGSLINER**

I følge plan- og bygningslova §1-1 skal planlegging bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver. Dette kapittelet inneheld nokre av dei viktigaste føringane for planarbeidet.

#### **3.7.1. Nasjonale føringar**

##### Nasjonale forventingar til planlegginga

Regjeringa utarbeider Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging kvart 4. år. Dokumentet formidlar den nasjonale politikken, og skal fremja berekraftig utvikling. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging blei vedtatt ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019.

Dei nasjonale forventningane er retningsgivande, ikkje bestemmande, og skal bidra til at planlegginga blir meir føreseieleg, effektiv og målretta.

##### Andre nasjonale føringar

Etter plan- og bygningslova § 11-1 skal kommunen ha ei samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. I tillegg til dette lovkravet er det andre statlege og regionale føringar til kommunal planlegging. Under er nokon av dei viktigaste nemnt:

- Plan- og bygningslova
- Folkehelselova
- Naturmangfaldslova
- Sivilbeskyttelseslova
- Samhandlingsreforma
- Helse- og omsorgstenestelova
- Friluftsløva
- Jordlova
- Kulturminnelova
- Forureiningslova
- Diskriminerings- og tilgjengeløva

##### Retningslinjer

###### **Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging**

Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det eit mål at veksten i persontransporten i storbyområda skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange.

### **Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing**

Den statlige retningslinjen setter nasjonale mål for klima- og energiplanleggingen i kommunar og fylkeskommunar. Dei skal gjennom planlegging og øvrig mynde- og virksomhetsutøvelse stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslipp, samt økt miljøvennlig energiomlegging.

### **Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av standsona langs sjøen**

Retningslinjene følger opp den nye plan- og bygningslova, der byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen er videreført og strammet inn. Målet er å ivareta ålmenta sine interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. I 100-metersbeltet skal det tas særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

### **Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga**

Planlegging er det viktigaste verktøyet for å skape eit samfunn med trygge oppvekstmiljø, gode møtestader, moglegheiter for leik og aktivitetsfremjande omgjevnader. Etterkvart som fleire og fleire flytter inn til byar og tettstader, blir det stadig viktigare å sikre at barn og unge har leike- og møteplassar som er egna, og som er store nok til å drive varierte aktivitetar. Det er behov for å ta meir omsyn til barn og unge i planleggingsprosessar.

## **3.7.2. Regionale føringar**

Fylkeskommunen er regional mynde. Dei har ansvar for å utarbeide regional planstrategi og regionale planar. Den regionale planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal bli tatt opp gjennom regional planlegging. Regionale planar skal bli lagt til grunn for kommunal planlegging og verksemd.

### Regional planstrategi

Hordaland fylkeskommune vedtok regional planstrategi i 2016. Hovudmål med strategiar er knytt til fire hovudtema:

- 1) Høg sysselsetting
- 2) Eit inkluderande samfunn
- 3) Klima- og miljøvenleg utvikling
- 4) Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

### Regionale planar

#### **Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (2017)**

Planområdet omfattar kommunane Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os. Føremålet med planarbeidet er å utvikle eit utbyggingsmønster som legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer, knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport, og med omsyn til langsiktig grøstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar.

### **Regional transportplan Hordaland (2017)**

Regional transportplan for Hordaland (RTP) 2018-2029 er ein langsiktig strategiplan for transportsektoren i Hordaland. Den inneheld fylkeskommunen sine mål og krav til alle relevante delar av transportsystemet i fylket.

### **Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel**

Planen har følgjande hovudmål: Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.

### **Regional plan for folkehelse 2014 – 2025**

«Fleire gode leveår for alle» har som mål å jamne ut sosiale helseskilnader. Ved hjelp av gode befolkningsstrategiar kan vi nå mange. Særs viktig for å sikre god helse for framtidige generasjonar, er førebyggjande og helsefremjande innsats retta mot barn og unge. Denne planen omfattar også universell utforming. I eit godt universelt utforma samfunn kan alle delta på like vilkår.

### **Regional kulturplan for Hordaland- Premiss 2019**

Regional kulturplan premiss 2019 inneheld 39 innsatsområder, med definerte mål og tiltak. Kulturplanen inneheld også ansvarsfordeling (Hordaland fylkeskommune/ kommune).

### **Regional kulturplan 2015 – 2025– Premiss: kultur**

Regional kulturplan legg til grunn at kultur har ein klar eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunnsområde. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.

I Hordaland skal kulturpolitikken vere ein grunnleggande premiss for samfunnsutviklinga. Kultursatsinga skal fremje utvikling og livsfremjande aktivitetar hos det enkelte mennesket, i samfunnet og ha verkemiddel for å ta vare på og utvikle verdiar og ressursar. Kultur- og idrettspolitikken skal sikre ein sterk kulturell infrastruktur

av kultur- og idrettsarenaer ute og inne og eit allsidig aktivitetstilbod der folk bur og arbeider. Innbygarane i heile fylket skal ha tilgang på eit rikt og mangfaldig kulturliv.

### **Regional plan for klima og energi**

Visjon - Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet.

Mål – Klimagassutslepp - Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2030 i høve øve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991.

Energi - Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

Tilpassing til klimaendringar - Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

### **Regional plan for vassregion Hordaland (2016-2021)**

Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland. Planen set miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn.



### **Regional næringsplan (2013-2017)**

Planen er eit strategisk dokument som viser strategiar som er særskilt prioriterte for å møte dei viktigaste utfordringane næringslivet i Hordaland står overfor.

### **Regional plan for kompetanse og arbeidskraft**

I regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 var det vedtatt at det skulle utarbeidast regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Føremålet med planen er å bidra til å sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidsetta kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet

### **3.7.3. Lokale føringar**

#### Kommunal planstrategi (2016-2020)

Kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien blei vedtatt hausten 2016, og her er det blant anna gjort vurderingar knytt til behov for rullering av enkelte tema i kommuneplanen sin arealdel.

#### Samfunnsdelen av kommuneplanen for Lindås (2017-2029)

Kommuneplanen sin samfunnsdel ble vedtatt hausten 2017. Samfunnsdelen inneheld til saman 19 mål og 98 strategiar for åtte hovudtema:

- Regionsenterutvikling
- Industri og næring
- Attraktive nærmiljø
- Kultur og frivillig arbeid
- Klima og miljø
- Livsmeistring og fellesskap
- Kommunale tenester
- Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnsdelen er eit styringsdokument og gir dei overordna føringane for innhaldet i arealdelen. Strategiane i samfunnsdelen legg klare føringar for arealbruk blant anna knytt til kor vi skal konsentrere hovudtyngda av bustadutviklinga og kor næringsutviklinga i kommunen skal skje.

I samfunnsdelen har Lindås kommune sagt at vi ønskjer ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og minskar sosiale skilnader. Vi skal jobbe for eit inkluderande samfunn for alle grupper, livskvalitet og gode levekår og ei heilskepeleg samfunns- og næringsutvikling.

Folkehelsearbeid er kommunen sin samla innsats for å oppretthalde, betre og fremje helsa til dei som bur i kommunen.

I tillegg står frivilligheita sterkt i kommunen, ein kultur Lindås ønskjer å ta vare på og vidareutvikle. Dei frivillige skapar møteplassar for fellesskap og deltaking, og legg til rette for at folk dannar sosiale nettverk i lokalmiljøa.

Andre kommunale planar

- Plan for auka busetjing av flyktningar i Lindås kommune 2016-2019
- Bustadsosial handlingsplan for Lindås kommune(2017-2021)
- Kommunedelplan (KDP) for Knarvik-Alversund (2007-2019)
- KDP Alverstraumen(2004-2014)
- KDP for Knarvik, Alversund og Alverstraumen (I prosess)
- Klimaplan (kommunedelplan for klima og energi) 2010-2020
- Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024
- Tunnel på Fv. 57, Knarvik-Isdalsstø, områdeplan
- Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, vedteke 24.09.2015
- Kommuneplan for E39, vegparsell Eikefet – Romarheim
- Kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022
- Kulturminneplan 2011-2021
- Kulturplan 2010-2020
- Barnehageplan 2012-2015
- Kommunedelplan skule 2010-2020
- Kommunedelplan for klima og energi 2010-2020

## 4. VEDLEGG

### Plandokument

- Politisk vedtak kommunestyret 15. oktober 2019, sak 068/19
- Plankart, datert 11.10.2019
- Føresegner og retningslinjer, datert 22.11.2019
- Konsekvensutgreiing, datert 22.11.2019
- Risiko- og sårbarheitsvurdering – samlefil, datert 13.11.2019

### Utgreiingar

- Rapport - Handelsnæringa i Alver kommune – Mai 2019
- Rapport - Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde 2015-2017 – Lindås kommune –10. mai 2017
- Notat\_Vipe på Lindås\_070519

### Handsaming av innspel

- Merknads og endringsskjema etter 1. gangs høyring– vedlegg til sak 15.okt 2019
- Notat\_Endringar etter 1 gangs høyring – vedlegg til sak 15.okt 2019
- Notat\_Motsegn trekt frå HFK og FM\_141019 – vedlegg til sak 15. okt 2019
- Samlefil\_Grovsiling av arealinnspele og generelle innspel\_100619 – vedlegg til politisk sak 19.juni 2019